



Rapportserie
Nr. 4 | 2020

Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning

Utgivar: Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku)

Dato: Juni 2020

Ansvarleg redaktør: Ragnhild Tungesvik

Utarbeida av: Anders A. Didriksen, Carl Endre Espeland, Martin Paulsen og Margrete Søvik

ISSN: 2535-5961

ISBN: 978-82-8421-006-3

Rapporten kan lastas ned frå diku.no

Forord

Diku presenterer med dette Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2020, etter oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Tilstandsrapporten skal vere eit viktig styringsdokument for både styresmaktene, forvaltningsorgana, og ikkje minst for sektoren sjølv. Rapporten skal derfor heile tida vidareutviklast, samtidig med at vi arbeidar med å styrke kvaliteten på dataa.

Dette er andre gongen Diku utarbeider denne rapporten. Denne gongen har det skjedd i litt spesielle omstende. Koronapandemien har gjort at rapporten har blitt skriven frå heimekontor og rapportarbeidet har vorte utført samstundes med at det har vore stor aktivitet knytt til tiltakspakkar for fagskulesektoren. Effektane av koronapandemien eller desse tiltakspakkane, blir ikkje fanga opp av tala i denne rapporten som dekkjer 2019, men tala som blir presenterte i årets rapport vil danne eit viktig bakteppe når vi kan presentere ny rapport om eit år.

I april 2020 vedtok Diku ny strategi, *Betre utdanning for ei berekraftig framtid*. Her har høgare yrkesfagleg utdanning ein tydeleg plass. Derfor har organisasjonen i den seinare tid blitt styrka vesentleg på dette feltet.

Som direktorat for høgare yrkesfagleg utdanning vil Diku jobbe aktivt for å styrke kunnskapsgrunnlaget og vidareutvikle sektoren i samarbeid med skulane, fylkeskommunane, Nasjonalt fagskuleråd, og dei andre nasjonale organa NOKUT, Unit og Kompetanse Norge. Saman jobbar desse aktørane for at sektoren oppfyller dei fire måla som Stortinget har satt: god kvalitet på utdanninga, yrkesretting, god tilgang på utdanning og ein solid og effektiv sektor.

Vi vil takke våre samarbeidspartnarar i NSD for tilrettelegging av datamateriale, og for verdifulle diskusjonar og innspel undervegs i arbeidet. Vi vil og takke NOKUT, Unit og Organisasjonen for norske fagskulestudentar for deira tekstbidrag. Til slutt vil vi takke Kunnskapsdepartementet for oppdraget, og for god dialog og samhandling undervegs i arbeidet.

Sektorbilete 2019

Fagskular	
Tal på skular:	80
Offentleg eigarskap:	45 %
Privat eigarskap:	55 %
Tal på skular med færre enn 50 studentar:	32
Tal på skular med fleire enn 500 studentar:	12
Tal på utdanningstilbod etter fagområde	
Humanistiske og estetiske fag:	95
Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk:	29
Mediefag:	28
Økonomiske og administrative fag:	162
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag:	379
Helse-, sosial- og idrettsfag:	374
Primærnæringsfag:	27
Samferdsels-, tryggleiksfag og andre servicefag:	68
Fagskulestudentar	
Tal på studentar, haust 2019:	18 299
Kvinner:	45 %
Menn:	55 %
Utanlandske statsborgarar:	494
Tal på uteksaminerte våren 2019:	5230
Fagskulestudentar fordelt på fagområde	
Humanistiske og estetiske fag:	11 %
Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk:	2 %
Mediefag:	1 %
Økonomiske og administrative fag:	9 %
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag:	42 %
Helse-, sosial- og idrettsfag:	26 %
Primærnæringsfag:	1 %
Samferdsels-, tryggleiksfag og andre servicefag:	8 %
Kjønnsfordeling på dei to største fagområda	
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag. Menn:	91 %
Helse-, sosial- og idrettsfag. Kvinner:	89 %
Opptaksgrunnlag	
Generell studiekompetanse:	22 %
Realkompetanse:	11 %
Yrkesfagleg kompetanse:	60 %
Anna kompetansegrunnlag:	7 %
Økonomi og styring	
Statleg tilskot til fagskuleutdanning (driftsmidlar) frå KD:	688 mill.
Tilskot frå fylkeskommunanes frie midlar:	99 mil.
Tilskot til dei tre statlege fagskuleutdanningane (direkte over statsbudsjettet)	153 mill.
Studentbetaling private skular:	584 mill.
Studentbetaling offentlege skular	17 mill.

Kjelde: NSD

Innhald

Forord	2
Sektorbilete 2019	3
Innhald	4
Tabellar	5
Figurar	5
Tekstboksar	6
Samandrag	7
1 Innleiing	8
2 Metode og datagrunnlag	9
2.1 Datagrunnlag og datakvalitet.....	9
2.2 Fagkategoriar	9
2.3 Digital løysing for vedleggsrapport	12
3 Fagskulane	13
3.1 Fagskular og studiestader	13
3.2 Storleiken på fagskulane	17
3.3 Fagskular og eigarskap	20
4 Utdanningstilbodet	26
4.1 Variasjonar i fagområde og studielengd	26
4.2 Studiepoeng.....	29
4.3 Geografisk fordeling	32
4.4 Studium på heiltid og deltid	33
4.5 Stad- og nettbaserte utdanningar	34
5 Fagskulestudentane	37
5.1 Tal på fagskulestudentar	37
5.2 Studentar på heiltid og deltid.....	40
5.3 Fordeling av fagskulestudentar på fagområde	41
5.4 Fagskulestudentar etter kjønn og alder	42
5.5 Fagskulestudentar med utanlandsk statsborgarskap	45
5.6 Opptaksgrunnlag etter alder og fagområde	46
5.7 Gjennomstrøyming.....	49
5.8 Overgangar mellom fagskular og universitet/høgskular	52
6 Økonomi og styring	55
6.1 Finansiering av høgare yrkesfagleg utdanning	55

6.2 Studentar og fagområde etter finansieringskjelder	58
6.3 Studentbetaling litt meir i detalj	59

Litteraturliste 62

Tabellar

Tabell 2.1 NUS-kategoriar og døme på utdanningstilbod	10
Tabell 3.1 Organisasjonsendringar 2019.....	14
Tabell 3.2 Tal på fagskular og studiestader per fylke	15
Tabell 4.1 Utdanningstilbod etter fagområde per år 2015–19.....	27
Tabell 4.2: Skular med fagområdeakkreditering.....	27
Tabell 4.3 Studiepoengseiningar for offentlege skular per fagområde 2015–19.....	30
Tabell 4.4 Studiepoengseiningar for private skular per fagområde 2015–19.....	31
Tabell 4.5 Oversyn over studenttal fordelt på fagområde og fylke.....	32
Tabell 5.1 Tal på studentar på reint nettbaserte studium per fylke og eigarskap.....	39
Tabell 6.1 Tilskot frå KD og fylkas frie midlar, samt prosentdel frie midlar av total finansiering per fylke	57

Figurar

Figur 3.1 Tal på skular og gjennomsnittlege tal på studentar per skule 2011–19	13
Figur 3.2 Fagskular etter storleik 2015–19	17
Figur 3.3 Tal på fagskular etter fylke og storleik.....	18
Figur 3.4 Fagskular etter fagområde og storleik.....	19
Figur 3.5 Fagskular og studentar etter eigarskap 2013–19	20
Figur 3.6 Studiestader ved offentlege og private fagskular 2011–19.....	21
Figur 3.7 Fagskular etter fagområde og eigarskap.....	22
Figur 3.8 Fagskular etter fylke og eigarskap	23
Figur 3.9 Geografisk plassering av offentlege fagskular 2019.....	24
Figur 3.10 Geografisk plassering av private fagskular 2019.....	25
Figur 4.1 Utdanningstilbod etter fagområde og studiepoeng	29
Figur 4.2 Utdanningstilbod på heiltid og deltid etter fagområde.....	33
Figur 4.3 Stad- og nettbaserte utdanningar etter fagområde.....	34
Figur 4.4 Studentar etter eigarskap og utdanningsform	35
Figur 5.1 Studentar i offentlege og private fagskular 2013–19	37
Figur 5.2 Studentar etter fylke og eigarskap.....	38
Figur 5.3 Studentar på heiltid og deltid etter fagområde.....	40

Figur 5.4 Prosentdel studentar etter fagområde	41
Figur 5.5 Prosentdel studentar etter kjønn og fagområde	42
Figur 5.6 Prosentdel studentar etter kjønn og alder	43
Figur 5.7 Prosentdel studentar på naturvitenskaplege-, handverks- og tekniske fag etter kjønn og alder	44
Figur 5.8 Prosentdel studentar på helse-, sosial- og idrettsfag etter kjønn og alder	44
Figur 5.9 Studentar ved studiestart etter opptaksgrunnlag og alder	47
Figur 5.10 Studentar etter opptaksgrunnlag og fagområde	48
Figur 5.11 Fullføring på normert tid og eitt, to og tre år seinare.....	49
Figur 5.12 Fullføring i 60-studiepoengs helse- og sosialfag, deltid over to år	50
Figur 5.13 Fullføring i 120-studiepoengs teknisk fagskuleutdanning, deltid over tre år.....	50
Figur 5.14 Studentar tidlegare registrerte ved UH-institusjon etter fagområde 2017–19	52
Figur 5.15 Fagskulestudentar seinare registrert ved UH-institusjon etter fagområde 2017–19	53
Figur 6.1 Ulike finansieringskjelder rapportert til DBH-F 2019.....	55
Figur 6.2 Studentar etter fagområde og tilskot	58
Figur 6.3 Gjennomsnittleg studentbetaling ved offentlege og private fagskular 2013–19	59
Figur 6.4 Utdanningstilboda med høgast eigenbetaling frå studentar.....	60
Figur 6.5 Gjennomsnittleg betaling ved dei einskilde private fagskulane.....	61

Tekstboksar

Tekstboks 1 Samordna opptak	16
Tekstboks 2 Fagskuleutdanninganes kunnskapsbase	28
Tekstboks 3 Utviklingsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning	31
Tekstboks 4 Kontakt med arbeidslivet.....	36
Tekstboks 5 Organisasjonen for norske fagskulestudentar	39
Tekstboks 6 Utdanningskvalitetsprisen for høgare yrkesfagleg utdanning	51
Tekstboks 7 Karriereveggar blant fagskulekandidatar.....	54

Samandrag

Tilstandsrapporten viser ein sektor i stor endring. I **kapittel 3** ser vi at det har blitt færre fagskular. Dette skuldast særleg samanslåingar. Samstundes har nedgangen i talet på studiestader flata ut dei siste fire åra og det har blitt fleire av dei største skulane.

Den langsiktige tendensen til nedgang i talet på private fagskular fortsette i 2019, dei utgjer no 55 prosent av det samla talet. På same tid har private fagskular ein større auke i talet på studentar enn dei offentlege og i 2019 var det for første gong sidan 2013 fleire studentar som studerte ved private fagskular enn ved offentlege.

I **kapittel 4** ser vi at det har vore ein sterk auke i talet på akkrediterte utdanningstilbod det siste året. Nedgangen for tidlegare år skuldast store endringar innan økadm-faga, men desse har òg ein auke det siste året.

Det er til dels store skilnader mellom dei ulike fagområda når det gjeld omfang målt i studiepoeng. Faga som har dei tydelegaste profilane her er tekniske fag med 120 studiepoeng, helsefaga med 60 poeng, og økadm-faga med 30 studiepoeng. Over tid har det vore ei endring i studentmassen i dei ulike fagområda. Dette ser ein att i utviklinga i tala på registrerte studiepoeng for desse fagområda. Vi ser at auken i registrerte studiepoeng har vore størst ved dei private skulane.

Både geografisk spreieing av utdanningstilboda, graden av nettbasert undervisning og talet på deltidstilbod gir oss eit bilete av at tilgangen til høgare yrkesfagleg utdanning er god.

Auken i talet på studentar i høgare yrkesfagleg utdanning held fram, som vi ser i **kapittel 5**. Fordelinga er om lag lik mellom privat og offentlig sektor. Det er nesten dobbelt så mange deltidsstudentar som heiltidsstudentar i høgare yrkesfagleg utdanning, og nær halvparten av alle studentane er 30 år eller eldre. Det er ei lita overvekt av menn, som utgjer 55 prosent av det samla studenttalet.

Tekniske fag og helsefag dominerer og utgjer to tredjedelar av studenttalet. I desse faga er dei aller fleste tatt opp på grunnlag av yrkeskompetanse, medan dette gjeld 60 prosent av studentmassen samla.

Kapittel 6 viser at fagskulesektoren samla disponerte om lag 1,57 milliardar kroner i 2019. Statlege driftstilskot til fylkeskommunane utgjorde om lag 725 millionar kroner. I tillegg blei det overført statlege midlar til tre statlege fagskular direkte over statsbudsjettet.

Fylkeskommunane brukte nær 99 millionar av sine frie midlar på sektoren i 2019, om lag seks prosent av den samla finansieringa. Det er store skilnader mellom fylka når det gjeld bruk av frie midlar.

Studentbetaling utgjer om lag 38 prosent av den samla finansieringa av sektoren. Det er et store skilnader på kor mykje studentar må betale. I snitt betalte studentar ved dei private skulane 51 200 kronar per semester i 2019, medan gjennomsnittet i dei offentlege skulane var 4 800 kronar.

1 Innleiing

Regjeringa har store ambisjonar for høgare yrkesfagleg utdanning og det har skjedd store endringar i sektoren dei siste åra. Endringane fekk sitt startskott med Fagskulemeldinga (Meld. St. 9 (2016–2017)) som peikte ut fire hovudmål for sektoren: høg kvalitet i utdanninga, god og relevant yrkesretting, god tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning, og ein effektiv og solid fagskulesektor.

Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning skal gi eit bilete av utviklinga i sektoren i lys av desse fire måla. Mellom anna inneber målet om høg kvalitet i utdanninga at ein ser på studiepoengproduksjonen og gjennomstrøyminga då dette kan seie oss noko om utdanningstilboda og undervisninga treff behova hos potensielle studentar og hos arbeidsgjevarar. I tillegg til Tilstandsrapporten vil Studiebarometeret gi verdifull informasjon om kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning.

Høgare yrkesfagleg utdanning har alltid vore arbeidslivets eigen utdanningsarena. Det er det framleis, mellom anna gjennom skulane sitt samarbeid med lokalt arbeidsliv i utviklinga av studia, gjennom samansettinga av Nasjonalt fagskuleråd, og gjennom representasjon frå partane i skulestyra. Fylkeskommunane er no i gang med å etablere seg som kompetansepolitiske aktørar, og forvaltninga av fagskulesektoren er ein viktig del av dette arbeidet. Fylkeskommunar arbeidar for å styrke samarbeid mellom lokalt arbeidsliv, lokale skular og styresmakter for saman å vurdere kompetansebehov i arbeidslivet.

God tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning er særst viktig i eit land der mange verksemdar er små og lokaliserte i griskrendte strøk. Talet på studiestader er ein viktig indikator på dette målet, men endå viktigare er nok det nettbaserte og samlingsbaserte tilbodet. Utviklinga av bransjeprogramma for kompetanse og kombinasjonen med nettbasert skuleundervisning og bedriftsintern opplæring blir òg interessante indikatorar på dette i tida framover.

Nedgangen i talet på skular skuldast langt på veg samanslåingar. Færre, men større skular, er ei ønska utvikling for å skape meir robuste einingar. Ei aktiv leiging av skulane, saman med eit betre styringsgrunnlag som denne tilstandsrapporten skal bidra til, skal òg gi ein effektiv sektor som er i stand til å svare på behova til arbeidslivet.

I Fagskulemeldinga blei 48 tiltak presenterte. Dei er for det meste implementerte. Tiltaka i meldinga skal no evaluerast. Diku har fått ansvar for å administrere ein prosess som vil innebere ei statusmelding til Stortinget våren 2021, ein rapport om finansieringsordninga våren 2022 og ein endeleg evalueringsrapport på seinhausten 2022.

Våren 2020 blei Stortingsmeldinga *Lære heile livet* (Meld. St. 14 (2019–2020)) presentert. Her spelar fagskulane ein sentral rolle i dei vidare planane for å sikre kompetanseheving for arbeidstakarar gjennom heile yrkeslivet. Mellom anna blir det i meldinga varsla ein ny strategi for høgare yrkesfagleg utdanning i løpet av 2021.

Denne tilstandsrapporten skildrar stoda i høgare yrkesfagleg utdanning i Noreg per 31. desember 2019. Årets rapport kjem berre eit halvt år etter den førre. Dette skjer som følgje av eit ønske frå Kunnskapsdepartementet (KD) om å endre tidspunktet for publisering, slik at tala som blir presenterte er så ferske som mogeleg. For komande år vil tilstandsrapporten derfor bli presentert tidleg sumar.

2 Metode og datagrunnlag

2.1 Datagrunnlag og datakvalitet

Datagrunnlaget i tilstandsrapporten er henta frå fagskulestatistikken i Database for statistikk om høgare utdanning, som er samla inn av NSD – Norsk senter for forskingsdata. Tala er innrapporterte frå skular og fylkeskommunar til DBH-F. Dei speglar situasjonen i sektoren i 2019 (sjå [DBH-F si dokumentasjonsside](#)). Tala for studentar gjeld haustsemesteret, aktive studentar blir talde 1. oktober, og rapporterast inn til NSD 15. oktober. Tala for eksamensavvikling og fullføring rapporterast inn 15. mars. Tal på skular gjeld heile året, i tabell 3.1 har vi eit oversyn over organisasjonsendringar i 2019. Tal for utdanningstilbod gjeld situasjonen på haustsemesteret.

Fagskulane byrja med å rapportere til fagskulestatistikken i DBH (DBH-F) i 2011. Dei første åra var datakvaliteten usikker for fleire av variablane. Dette er vanleg for ny statistikk. Data for dei siste fem åra held, ifølgje NSD, jamt over god eller tilfredsstillande kvalitet. Samstundes er dei store endringane fagskulesektoren har gått gjennom etter Fagskulemeldinga ei utfordring når ein skal samanlikne utviklinga over tid.

Ei slik endring er samanslåingar, som har ført til endringar i talet på skular. Nokre av desse samanslåingane heng tett saman med regionreforma, til dømes blei fagskulane i Vestfold og Telemark slått saman til Fagskulen i Vestfold og Telemark i 2019. Denne rapporten dekkjer 2019, og sjølv om vi no har fått nye fylke, har vi vald å framstille statistikken på ein historisk korrekt måte. Det inneber at vi opererer med gamle fylkeseiningar, med unntak for Trøndelag som blei slått saman allereie frå 1. januar 2019.

2.2 Fagkategoriar

Alle utdanningstilbod som er godkjende av NOKUT blir tildelt ein kode gjennom Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt klassifikasjonssystem for utdanningar, Norsk standard for utdanningsgruppering (NUS).¹ Koden gir opplysningar om kva fagområde utdanningstilbodet høyrer inn under.

For mange av fagskulane sine utdanningstilbod er NUS-kodane lite eigna. Kodane kan gi inntrykk av at det finst fagtilbod i fagskulesektoren, som ikkje finst i røynda. Det er til dømes ingen fagskular som tilbyr idrettsfag eller lærarutdanning. Mange av fagskulane sine utdanningstilbod er også svært spesialiserte og kan av den grunn vere ulike andre utdanningstilbod innanfor same kategori. Kategoriane kan såleis gi inntrykk av faglege slektskap som ikkje finst.

Trass i slike manglar er fagområde i DBH-F gitt med NUS-koder og dei er også nytta i denne tilstandsrapporten. Saman med NOKUT, NSD, Unit og NIFU, har Diku arbeidd med å få på plass nye fagkategoriar som er betre eigna for fagskulesektoren. Resultatet av dette arbeidet var klart i starten av juni,² noko som diverre blei for seint til at det kunne danne grunnlaget for

¹ Utdanningstilbod er termen NSD bruker på NOKUT-godkjente fagskuletilbod. Sjå <https://dbh.nsd.uib.no/fagskole/dokumentasjon/tabell.action?tabellId=521>

² Sjå kunngjering på NOKUT sine nettsider <https://www.nokut.no/nyheter/na-far-fagskoleutdanningene-felles-klassifiseringssystem/>

framstillinga av dataa i årets tilstandsrapport. Til neste års rapport vil det derfor skje større endringar i måten dataa presenterast på.

Tabell 2.1 viser typiske døme på utdanningstilbod som er gruppert i dei ulike NUS-kategoriene med underliggende faggrupper. NUS-teksten er fagskulane sine egne skildringar av utdanningstilboda. Tabellen illustrerer korleis nokre av kategoriene dekker svært ulike typar av utdanningstilbod (sjå vedleggstabell V19 for fullstendig oversyn).

For å gjere teksten i rapporten lettare å lese vil vi her nytte forenkla namn på fagområda, med kortformar som blir nytta i nokre av figurane i parentes: humanistiske og estetiske fag (hum.es.), pedagogiske fag (ped.), mediefag (media), økadm-fag (øk-adm), tekniske fag (tek.), helsefag (HS), primærnæringsfag (primær) og samferdsels- og servicefag (SS).

Tabell 2.1 NUS-kategoriar og døme på utdanningstilbod

NUS fagområde og faggruppe	Oppsummering av NUS-tekst
Humanistiske og estetiske fag	
Religionsutdanningar	Frelsesarmeens offisersutdanning, kyrkjelyds- og misjonsarbeid, tverrkulturell forståing/internasjonalt arbeid
Musikk, dans og drama	Musikkteater, stuntskodespelar, dans
Bildande kunst og kunsthåndverk	Mote, design, foto, kunstfoto, grafisk design, 3D design og animasjon, digital innhaldsproduksjon, speldesign, interiør, blomsterfag
Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk	
Utdanningar i pedagogikk	Spesialpedagogikk og fleirkulturelt arbeid, arbeid med språk, fleirspråklegheit og fleirkulturell kompetanse i barnehagen
Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk, andre	Rettleiing av lærlingar for instruktørar og faglege leiarar
Samfunnsfag og juridiske fag	
Medie- og informasjonsfag	Film
Økonomiske og administrative fag	
Økonomisk-administrative fag	Rekneskap og økonomi, lønn, prosjektleiing, arbeidsleiing (til dømes kantine, butikk, sal)
Handel og marknadsføring	Reklame, marknadsføring, butikkleiing, sal og service
Kontorfag	Advokatassistent, kontormedarbeider, skuleadministrasjonssekretær, helseadministrasjonssekretær
Hotell- og reiselivsfag	Resepsjonsleiing, reiseliv
Økonomiske og administrative fag, andre	Saksarbeidar, lageradministrator
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag	

Fysiske og kjemiske fag	Prosessteknikk
Informasjons- og datateknologi	Nettverks- og systemadministrasjon, datateknikk, nettverk og IT-tryggleik
Utdanningar i elektrofag, mekaniske fag og maskinfag	Elektronikk, kulde- og varmepumpeteknikk, lyd- og musikkproduksjon, maskinteknikk, sveiseteknikk, digitalisering og automasjon, robotteknologi
Bygg- og anleggsgfag	Anlegg, bygg, forvaltning/drift/vedlikehald, klima/energi
Fabrikasjon og utvinning	Vin og brennevin, matkultur, lokalmat, boreteknologi, brønnservice, havbotninstallasjonar, kompositt
Naturvitskapelege fag, handverksfag og tekniske fag, andre	Dykking, vaktmeister, prosessindustri, berekraftig utvikling
Helse-, sosial- og idrettsfag	
Pleie- og omsorgsfag	Barsel- og barnepleie, kreftomsorg, rehabilitering
Sosialfag	Miljøarbeid (til dømes med rus, psykisk helsearbeid og menneske med funksjonsnedsetting), arbeid med dei yngste barna i barnehage
Terapeutiske fag	Massasjeterapi
Helse-, sosial- og idrettsfag, andre	Barn med særskilte behov, demensomsorg, aldring, helseadministrasjon, helsefremjande arbeid i oppvekstsektoren, soneterapi, ernæring, migrasjonshelse
Primærnæringsfag	
Fiske og havbruk	Akvakultur
Jordbruk	Økologisk landbruk
Gartneri og hagebruk	Park, hagedrift, gartner med antikvarisk kompetanse, drift av uteområde
Primærnæringsfag, andre	Ridelærar, travtrenar, kornproduksjon, planteproduksjon, sauehald, mjølkeproduksjon
Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag	
Samferdsel	Lokomotivfører, trafikkflygar - helikopter, dekksoffiser, logistikk, transportadministrator
Sikkerheit	Helse, miljø og tryggleik
Andre servicefag	Make-up artist, negleteknikar

Kjelde: NSD

2.3 Digital løysing for vedleggsrapport

Vedlegg blir i år presenterte i eit nytt digitalt format, dette er tilgjengeleg på nettstaden <https://vedlegg.diku.no/trhyu/2020>. Alle referansar til vedleggstabellar i rapporten er lenka direkte til den aktuelle tabellen i den digitale løysinga. Dette fungerer best om rapporten blir lasta ned og lest i ein eigen dokumentlesar (til dømes Adobe). Om du nyttar nettlesar blir tabellane opna i det same vindaugget og soleis ta deg bort frå rapporten. Det er òg mogleg å gå direkte til tabellane i ein nettlesar ved å skrive tabellnummer på slutten av nettadressa, til dømes /tabell/V3.1. Nettstaden med vedlegg kan òg nyttast uavhengig av rapporten og inneheld tabellar som ikkje er omtalte i sjølve rapporten.

Alle tabellar kan lesast i nettlesar eller lastast ned som Excel-fil. Nokre tabellar har variasjonar, ønska vising kan veljast i menyen øvst i tabellen.


3 Fagskulane

3.1 Fagskular og studiestader

Talet på fagskular har i fleire år gått ned, samstundes som talet på studentar per skule går opp. Dette går fram av figur 3.1. Nedgangen i talet på skular skuldast i hovudsak samanslåingar, noko som inneber fleire studentar per skule. Auken i talet på studentar per skule må også sjåast i samanheng med ein auke i det samla talet på studentar i perioden, omtala i kapittel 5.

Denne utviklinga heldt fram også i 2019, då talet på skular var nede i 80, samanlikna med 83 året før. I 2019 var det i snitt 228 studentar per skule, mot 201 året før.

Figur 3.1 Tal på skular og gjennomsnittlege tal på studentar per skule 2011–19



Vedlegg V3.1

Kjelde: NSD

Færre og større skular er i tråd med den politiske målsettinga om ein fagskulesektor med meir robuste institusjonar. Ei av dei mest markante endringane i året som gjekk, er samanslåinga av fem skular til Nordland fagskule.

Tabell 3.1 gir ei oversikt over andre organisasjonsendringar i sektoren i 2019.

Tabell 3.1 Organisasjonsendringar 2019

Nye fagskular i 2019		Merknader
OSM Aviation Academy		
Samanslåingar ved årskiftet 2018-2019		
Namn frå 2019	Tidlegare namn	Merknader
Nordland fagskole	Hadsel videregående skole og fagskole	Ny frå 1. januar 2019. Det har blitt rapportert på gammel struktur for våren 2019, derfor er desse telt med i tilstandsrapporten
	Nordland fagskole i helse- og sosialfag	
	Bodin videregående skole og maritime fagskole	
	Lofoten maritime fagskole	
	Lofoten reiselivfagskole	
Samanslåingar i løpet av 2019		
Namn frå 2019	Tidlegare namn	Merknader
Fagskolen i Troms	Fagskolen Troms, avd. Harstad tekniske fagskole	Samanslåing
	Fagskolen i Troms avd. Nord-Troms videregående skole	
	Fagskolen i Troms	
Samanslåingar ved årskiftet 2019-2020		
Namn frå 2020	Tidlegare namn	Merknader
AOF Fagskolen	AOF Fagskolen	Samanslåing
	AOF Vestland	
Fagskolen i Agder	Fagskolen i Kristiansand	Fagskolen i Agder fortsett med Sørlandets Fagskole sitt skulenummer og Fagskolen i Kristiansand har blitt ein del av Fagskolen i Agder.
	Sørlandets Fagskole	
Fagskolen Vestfold og Telemark	Fagskolen Telemark	Samanslåing
	Fagskolen i Vestfold	
Folkeuniversitetets Fagskole AS	Folkeuniversitetets helsefagskole	Folkeuniversitetets Fagskole AS er ny i 2020
	Fagskole Helse og miljø	
NKI	NKI	Samanslåing
	Treider	

Kjelder: NSD og Diku

Fagskulane er registrerte i det fylket hovudkontoret ligg. Tabell 3.2 viser tal på skular og studiestader registrert i ulike fylker. I 2019 var det samla talet på fagskular 80. Det samla talet på studiestader var 155. Medan det var ein liten nedgang i talet på skular frå året før, var talet på studiestader det same, trass i små endringar i nokre av fylka.

Det er registrert flest fagskular og studiestader i Oslo, etterfølgt av Trøndelag. Talet på studiestader var lågast i Sogn og Fjordane. Her var det også berre registrert ein fagskule. Det er viktig å vere merksam på at mange skular har reine nettbaserte tilbod, som er tilgjengelege i heile landet. Dei fleste av desse har adresse i Oslo. Det er naturleg at tal på studiestader heng saman med folketal i ein region. Det kan òg spegle næringsstrukturen i ein region, til dømes om det er mange store industribedrifter spreidd rundt i regionen som til dømes i Trøndelag og langs vestlandskysten.

Det er stor skilnad i organiseringa og storleiken på skulane. Ei vurdering av fagskulesektoren i ulike fylke må difor også ta omsyn til studenttalet. Dette kjem vi attende til i omtala av figur 3.3. Sjå også kapittel 5, figur 5.2 om studenttal per fylke.

Tabell 3.2 Tal på fagskular og studiestader per fylke

Fylke	Antall skular	Antall studiestader
Akershus	3	10
Aust-Agder	3	4
Buskerud	2	7
Finnmark	2	3
Hedmark	2	5
Hordaland	4	15
Møre og Romsdal	3	4
Nordland	7	12
Oppland	3	3
Oslo	18	27
Rogaland	4	11
Sogn og Fjordane	1	2
Telemark	1	8
Troms	3	5
Trøndelag	11	17
Vest-Agder	3	8
Vestfold	6	8
Østfold	4	6
Sum	80	155

Kjelde: NSD

I 2020 er det for første gong opptak til fagskular gjennom Samordna opptak.

I Stortingsmeldinga *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning* (Meld. St. 9 (2016–2017)) ønska regjeringa å leggje betre til rette for at fagskulane skulle bli meir synlege som attraktive utdanningsval. Viktige tiltak var å synleggjere opptaket til fagskulane parallelt med opptak til universitet og høgskular og forbetre opptaksforskriftene.

Samordna opptak til fagskulane er heimla i ny fagskulelov og ny forskrift for fagskoleutdanning. Forskrifta gir reglar for rangering i opptaket, medan fagskulane vedtek faglege opptakskrav. Opptaksgrunnlag til fagskular er fullført og bestått vidaregåande opplæring, eller så kan søkarar utan fullført og bestått vidaregåande opplæring bli tatt opp på grunnlag av realkompetanse frå fylte 23 år. Til nokre kunstfaglege utdanningar kan det søkast opptak på grunnlag av realkompetanse frå fylte 19 år i søknadsåret.

Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning har sidan 2017 arbeidd med å utvikle eit samordna fagskuleopptak, som blei lansert 1. februar 2020.

Fagskulane blir synlegare gjennom ein samla søkarportal. Søkarane får all informasjon om søking til fagskulestudiar presentert på www.samordnaopptak.no, noko som gjer at elevar i vidaregåande opplæring og andre potensielle søkarar til høgare utdanning vil få informasjon om all høgare utdanning samla, både for fagskular og universitet og høgskular. Søkarar kan levere søknad med inntil 10 søknadsalternativ i prioritert rekkefølge. Eit mål for arbeidet er at dette skal bidra til auka søkning til fagskulane og at fleire gjennomfører fagskoleutdanning.

Unit sitt hovudmål har vore å bidra til digitalisering, effektivisering og samordning av tenester. Eit samordna fagskuleopptak skal fungere godt både for søkarar, fagskular og Samordna opptak i Unit. Fagskulane vil på sikt få eit nasjonalt opptak som er meir digitalisert enn tidlegare opptak, og som gir dei meir automatikk og digital støtte i sakshandsaminga.

Arbeidet med utvikling av samordna fagskuleopptak har heile vegen blitt gjort i nært samarbeid med fagskulane. Ei referansegruppe med representantar frå ei rekkje fagskular og Organisasjon for norske fagskulestudentar har gitt råd i arbeidet, og har bidratt med kartleggingar og innspel undervegs i heile prosessen.

Alle offentlege fagskular er pålagde å delta i det samordna fagskuleopptaket, men har høve til å søke Unit om dispensasjon.

I 2020 er 30 fagskular med i det samordna fagskuleopptaket; 25 offentlege og 5 private. Dei tilbyr studieplassar på til saman 353 ulike studietilbod. Søkartal 15. april viste at meir enn 9 432 personar hadde søkt om plass i det aller første samordna opptak for fagskular.


3.2 Storleiken på fagskulane

Samanlikna med institusjonar i UH-sektoren, men òg mange vidaregåande skular, er fagskulane gjennomgåande små. I 2019 hadde 46 av 80 fagskular 100 eller færre studentar. 10 skular hadde ingen registrerte studentar i 2019. Dette skuldast mellom anna samanslåingar, der gamle fagskular registrerte studentar våren 2019, men ikkje hausten. Sjå elles

tabell 3.1 for oversyn over kjende organisasjonsendringar. Andre årsaker til at skular blir registrerte utan studentar, kan vere at dei tilbyr utdanning berre eitt av semestera. Det hender også at skular har studietilbod utan at det på teljetidspunktet er registrert studentar.

Som det går fram av figur 3.2 har det vore ein nedgang i talet på dei minste skulane. Medan det i 2018 var 25 skular som hadde færre enn 50 studentar, var dette talet 22 i 2019. Talet på skular med mellom 50 og 100 studentar sokk frå 19 i 2018 til 14 i 2019, medan to nye skular passerte 1 000 studentar. Denne utviklinga skuldast oppkjøp og samanslåingar, hovudsakeleg av små, private skular.

Figur 3.2 Fagskular etter storleik 2015–19




Vedlegg V3.2

Fagskulane er grupperte i seks kategoriar etter talet på studentar frå null til over tusen.

Kjelde: NSD

Figur 3.3 gir eit bilete av fagskulesektoren i dei ulike fylka, i høve til talet på skular og storleiken på skulane. Det er store variasjonar. Som nemnt, er Oslo fylket med flest fagskular. Dei fordeler seg på alle kategoriar når det gjeld storleik. Grunna samanslåingar fekk Oslo i 2019 to skular med meir enn 1000 studentar. Trøndelag, som har nest flest skular etter Oslo, har ingen skular med fleire enn 500 studentar. Hordaland har berre 4 skular, men til gjengjeld har ein av dei fleire enn 1000 studentar. Fagskulesektoren er minst i Sogn og Fjordane og Finnmark. I Sogn og Fjordane var det i 2019 berre ein skule, i kategorien 101-500 studentar. I Finnmark var det to skular, kvar av dei med færre enn femti studentar. Skular utan registrerte studentar må sjåast i samanheng med samanslåingar eller organisasjonsendringar som vist i tabell 3.1

Figur 3.3 Tal på fagskular etter fylke og storleik




Vedlegg V3.3

Kjelde: NSD

Figur 3.4 viser fordeling av studietilbod på skular i høve til storleik. Som det går fram av figuren, er det mange små skular som har studietilbod innanfor humanistiske og estetiske fag. Heile 74 prosent av skulane som tilbyr humanistisk-estetiske utdanningar har 100 eller færre studentar. Dei er også i stor grad private skular. Eigarskap blir meir omtala i neste delkapittel.

Blant skulane som tilbyr utdanningar innanfor tekniske fag, helsefag og samferdsels- og servicefag, er mange i kategorien 101–500 studentar. Elles utmerkar mediefag og pedagogiske fag seg ved at dei ikkje er tilbydt ved dei minste skulane. Mediefag er berre tilbydt ved tre av dei største skulane med eit studenttal på over 1000.

Figur 3.4 Fagskular etter fagområde og storleik



Vedlegg V3.4


Kjelde: NSD

3.3 Fagskular og eigarskap

I 2019 var 55 prosent av fagskulane private. Det er ein liten nedgang frå 2018, då 57 prosent var private. Med unntak av 2018 har det vore ein nedgang i private skular kvart år sidan 2011, grunna oppkjøp og samanslåingar. Nedgangen i talet på fagskular dei siste åra har vore klart størst blant dei private.

Som tidlegare påpeika har talet på studentar samstundes auka, både ved offentlege og private skular. Veksten i talet på studentar har vore størst ved dei private skulane. Det går fram av figur 3.5. I 2019 gjekk talet på studentar ved dei private skulane forbi talet på studentar ved dei offentlege, då det auka frå 8 119 året før til 9 265. Talet på studentar ved dei offentlege skulane gjekk opp frå 8 582 til 9 034.

Figur 3.5 Fagskular og studentar etter eigarskap 2013–19




Vedlegg V3.5

Venstre akse viser tal på skular, medan høgre akse viser tal på studentar.

Kjelde: NSD

Talet på studiestader har hatt ei anna utvikling enn talet på skular. Medan talet på skular har vore i ganske jamn nedgang sidan 2011, auka det samla talet på studiestader fram til 2014, for deretter å falle og flate ut. Som det går fram av figur 3.6 er det studiestader ved private fagskular som gjer dette utslaget. I 2019 var det samla talet på studiestader 155, mot 156 året før.

Figur 3.6 Studiestader ved offentlege og private fagskular 2011–19




Vedlegg V3.6

Kjelde: NSD

Som det går fram av figur 3.7, er det interessante skilnader mellom offentlege og private skular når det gjeld profilen på fagtilboda. Dei private skulane dominerer innan fagområda humanistiske og estetiske fag, pedagogiske fag, mediefag og økadm-fag, medan dei offentlege skulane dominerer innan tekniske fag, helsefag, primærnæringsfag og samferdsels- og servicefag. Særleg tydeleg er dominansen av private skular innan humanistiske og estetiske fag, der dei i 2019 utgjorde 19 av 21 tilbydarar.

Figur 3.7 Fagskular etter fagområde og eigarskap




Vedlegg V3.7

Kjelde: NSD

Eigarskap varierer også mellom fylke og regionar. Som det går fram av figur 3.8, dominerer private skular på det sentrale Austlandet. Alle skular som var registrert i Akershus i 2019, var private. I Oslo var 16 av 18 skular private. I fleire av dei mindre urbaniserte fylka og regionane var alle fagskular offentlege. Det gjeld Nordland, Troms, Telemark og Sogn og Fjordane.

Karta i figur 3.9 og figur 3.10 viser også den geografiske fordelinga av registrerte skular, i høve til eigarskap. Ein ser at dei offentlege skulane er meir geografisk spreidde enn dei private.


Figur 3.8 Fagskular etter fylke og eigarskap



Vedlegg V3.8


Kjelde: NSD

Figur 3.9 Geografisk plassering av offentlege fagskular 2019



Storleiken på boblene speglar talet på offentlege skular på dei ulike stadene.
Kjelde: NSD

Figur 3.10 Geografisk plassering av private fagskular 2019



Storleiken på boblene speglar talet på private skular på dei ulike stadene.
Kjelde: NSD

4 Utdanningstilbodet

4.1 Variasjonar i fagområde og studielengd

Endring er eit sentralt kjenneteikn på arbeidslivet i Noreg i byrjinga på det 21. hundreåret. For at fagskulane skal kunne tilby utdanningar som arbeidslivet treng, må utdanningstilboda vere mangfaldig, fleksible og dynamiske. Mangfaldet i sektoren (sjå tabell 2.1) gjer at fagskuleutdanninga er relevant for ulike delar av arbeidslivet, frå tunge, tradisjonsrike industrifag til nyoppretta fagområde innan til dømes IT-relaterte fag.

Ein type fleksibilitet ligg i at fagskulane kan tilby utdanningar som passar inn i ulike livsløp. Nokre studentar tar høgare yrkesfagleg utdanning tidleg i tjuetåra, medan andre gjer det etter å ha vore i jobb i tjuet år. Tal i denne rapporten viser til dømes at kvar femte fagskulestudent er over 40 år (sjå figur 5.6). Fleksibiliteten skal sikrast gjennom at det finst fagskuletilbod over heile landet og ved at fagskuleutdanning blir tilbydt både som stadbasert undervisning og som nettbasert undervisning, noko vi skal sjå nærare på i dette kapitlet.

Studietilboda må vere dynamiske for å kunne utviklast i takt med endringane i arbeidslivet. Når det oppstår nye behov i arbeidslivet skal fagskulane kunne dekke desse. Samtidig har høgare yrkesfagleg utdanning dei siste åra gjennomgått store endringar, ikkje minst som eit resultat av Fagskolemeldinga og regionreforma. Dette inneber at vi har sett og nok vil halde fram med å sjå tydelege årvisse endringar for nokre av nøkkeltala i sektoren, òg når det gjeld utdanningstilbodet.

Det er NOKUT som akkrediterer alle utdanningstilbod i fagskulesektoren. Akkrediterte utdanningstilbod blir så kategorisert i NUS-kodeverket som vist i tabell 2.1. Utdanningstilboda i fagskulesektoren skal etter regelverket vere på nivå fem i kvalifikasjonsrammeverket, og skal vere på mellom 30 og 120 studiepoeng. I seinare tid har utdanningstilbod på under 30 studiepoeng blitt godkjend etter dispensasjon frå Kunnskapsdepartementet. Desse tilboda er stort sett knytt til bransjeprogramma for kompetanse. Departementet ser no på om det vil vere mogleg å fjerne den nedre grensa på 30 studiepoeng.

I tabell 4.1 ser vi at dei langsiktige tendensane viser ein nedgang i det samla talet på utdanningstilbod i åra frå 2015. Dette skuldast i all hovudsak utviklinga i økadm-faga. Samstundes er det verdt å merke seg at det har vore ein markant auke i dei totale tala frå 2018 til 2019. Denne auken gjeld for alle fagområda, men er særleg markert for pedagogiske fag og primærnæringsfag. På begge desse fagområda ser vi ein tydeleg auke gjennom perioden.

Tabell 4.1 Utdanningstilbud etter fagområde per år 2015–19

Fagområde	2015	2016	2017	2018	2019
Humanistiske og estetiske fag	154	147	115	93	95
Lærerutdanningar og utdanningar i pedagogikk	4	11	17	16	29
Mediefag	24	28	23	23	28
Økonomiske og administrative fag	471	341	136	129	162
Naturvitenskaplege fag, handverksfag og tekniske fag	317	363	338	306	379
Helse-, sosial- og idrettsfag	266	348	337	279	374
Primærnæringsfag	18	20	19	19	27
Samferdsels- og tryggleiksfag og andre servicefag	68	75	54	59	68
Totalsum	1 323	1 333	1 039	924	1 162

I 2015 var det eitt utdanningstilbud som ikkje hadde oppgitt fagområde.

Kjelde: NSD

Denne generelle auken frå 2018 kan sjåast som uttrykk for ein fagskulesektor i stor utvikling. NOKUT akkrediterte i 2019 140 nye utdanningar, eit langt høgare tal enn tidlegare år. Utviklinga kan òg sjåast i samheng med dei nye bransjeprogramma, der det har blitt opna for å akkreditere utdanningar på mindre enn 30 studiepoeng. Samstundes er det no fleire fagskular med fagområdeakkreditering, som gjer at dei sjølve kan akkreditere nye utdanningstilbud innan område dei er akkrediterte for. Dette er ei utvikling NOKUT legg opp til som bidrar til å gjere sektoren meir dynamisk slik at han raskt kan tilpasse seg endringar i etterspurnaden. Arbeidet med fagområdeakkreditering vil òg kunne bidra til auka kvalitet i fagskuleutdanningane. Ein fagskule som søker fagområdeakkreditering går gjerne gjennom sine prosedyrar og rutiner, til dømes systemet for kvalitetssikring, for å sikre seg at dei fyller alle krava for å bli akkrediterte. Sjå tabell 4.2 for oversyn over fagskular med fagområdeakkreditering.

Tabell 4.2: Skular med fagområdeakkreditering

Fagskule	Fagområde
AOF Haugaland	Helse
Bårdar Akademiet	Kommersiell scenekunst - tolkning og formidling
Fagskolen Østfold	Helse, Teknisk
Fagskolen Innlandet	Bygg- og anleggsteknikk
Fagskolen Kristiania	Økonomi og administrasjon, Helse og oppvekst, Design, kommunikasjon og teknologi
Fagskolen Tinius Olsen	Teknisk
Norges grønne fagskole - Veia	Grønne design- og miljøfag
Studieforbundet AOF Norge	Helse og oppvekst

Kjelde: NOKUT

På oppdrag frå Kompetanse Norge har NIFU undersøkt kva som er kunnskapsbasen for fagskuleutdanningane. Rapporten *Fagskuleutdanningens kunnskapsbase* blei publisert i 2019 (NIFU rapport 2019: 22). Kunnskapsbase blir forstått som det som til saman dannar grunnlaget for den kunnskap og de ferdigheiter studentane tileignar seg. Rapporten tek for seg tre fagområde: teknisk fagskuleutdanning, helsefagutdanning og økonomisk-administrativ utdanning. Kunnskapsbasen er svært ulik innanfor desse fagområda, noko som speglar mangfaldet i sektoren.

Dei fleste tekniske fagskuleutdanningar er toårige og gir 120 studiepoeng. Studentane har jamt over fagbrev i botn og gjerne lang erfaring frå relevant industriverksemd. Innhaldet i teknisk fagskuleutdanning kan ikkje sjåast uavhengig av dette. Studentane har ei praktisk og teknisk spesialisering som dei byggjer vidare på i utdanningane. Normalt er det ikkje praksis i utdanningsløpa, men utdanningane er nært knytt til praksisfeltet gjennom allereie tillærte ferdigheiter hjå studentane. Utdanningane er også praktisk retta, mellom anna gjennom trening i teknologi og simulatorar. Det leggjast vekt på at utdanningane ikkje skal vere for teoretiske. Jamvel blir ein del faglitteratur henta frå universitets- og høgskulefag, fordi det ikkje er utvikla nok litteratur som er særskilt retta mot fagskulenivået. Lærarane har ofte teknisk fagskule i botn, men også bachelor- eller masterutdanning.

Dei fleste helsefagutdanningane er eittårige og gir 60 studiepoeng. Utdanningane er, ifølgje rapporten, enda meir praktisk innretta enn dei tekniske utdanningane. Dei fleste studentane er også her tatt opp på grunnlag av fagbrev. Praksis er ein viktig del av utdanningsløpet og ofte blir dette gjennomført ved eigen arbeidsplass. Heller ikkje i helsefaga finst det noko særleg tilpassa litteratur, og det meste er henta frå universitets- og høgskulestudium. Det kan også skuldast at lærarane ofte har bachelor- eller mastergradutdanning og nyttar litteratur dei kjennar.


Omfanget på økonomisk-administrative utdanningar er som oftast frå 30 til 60 studiepoeng. Dei økonomisk-administrative faga som studien omfattar, butikkleiing og juridisk assistent, har vidaregåande opplæring eller realkompetanse som opptakskrav. Medan praksis i arbeidslivet inngår i butikkleiing, er dette ikkje tilfelle innanfor utdanninga juridisk assistent. Som i dei to andre tilfella, finst det i liten grad særskilt litteratur for desse utdanningane. I staden nyttast ofte innføringsbøker i juss, administrasjon og leiing, berekna for høgskulenivå. Lærarane skal ha relevant høgare utdanning, men innanfor butikkleiing kan det erstattast med minimum seks års relevant arbeidserfaring.

Det varierer i kva grad dei nemnte utdanningane er standardiserte og byggjer på fagplanar. Dei tekniske faga har lengst historie og er i stor grad bygd på eit nasjonalt planverk. Også innanfor helsefaga er det utvikla nasjonale planar for mange av utdanningane. Økonomisk-administrative fag på fagskulenivå er det minst standardiserte av fagområda. Her finst ingen nasjonale rammeplanar.

4.2 Studiepoeng

Dei fleste utdanningstilboda har som nemnt eit omfang på enten 30, 60 eller 120 studiepoeng. Nokre utdanningar er organiserte som fulltidsstudium, medan mange blir tatt på deltid. Det inneber at lengda på studia kan variere mellom eit halvt og fire år. Det er store skilnader mellom dei ulike fagområda på kor lange utdanningstilboda vanlegvis er.

Figur 4.1 Utdanningstilbod etter fagområde og studiepoeng



Vedlegg V4.1

Kjelde: NSD

Figur 4.1 viser utdanningstilbod etter fagområde og studiepoeng. 60 studiepoeng svarar til eit normalt studieår på fulltid. Samla er om lag halvparten av studietilboda på 60 studiepoeng, meir enn ein tredjedel på 120 poeng og ein femtedel på 30 studiepoeng. 90 studiepoeng eller andre omfang blir brukt i mindre grad.³ I tillegg til dette kjem dei omtala tilboda i bransjeprogramma som er mindre enn 30 studiepoeng. Vi har førebels ikkje tal på omfanget av dette.

Det er ein stor skilnad mellom fagområda. Innan økadm-fag dominerer dei korte studietilboda. Om lag 60 prosent av desse tilboda er på 30 studiepoeng og nesten ingen er på meir enn 60. I dei pedagogiske faga og helsefaga er det meste av tilbodet på 60 studiepoeng, medan det meste anna er på 30 poeng. For dei tekniske faga er det motsett. Der er 80 prosent av studietilboda på 120 studiepoeng, og 15 prosent på 60 poeng.

³ Det finnest høvesvis eitt studietilbod på 36 studiepoeng, eitt på 45 og to på 108 studiepoeng, i tillegg til 8 tilbod på 90 studiepoeng.

Tabell 4.3 og tabell 4.4 gir eit oversyn over den samla studiepoenga registrerte i fagskulesektoren per år, fordelt mellom offentlege og private skular. Ein del av variasjonane frå eitt år til eit anna kan forklarast med at tidspunkt for eksamen og tidspunkt for rapportering ikkje passar, eller at skulane endrar tidspunkt for eksamen slik at dei rapporterer to kull eit år og ingen eit anna på eit tilbod. Dette gjer at det er endring over lenger tid enn eitt år som er mest interessant.

Tabell 4.3 viser samla tal for studiepoengseiningar registrerte ved dei offentlege fagskulane per fagområde for perioden 2015 til 2019. Ein studiepoengseining er definert som 60 studiepoeng. Vi ser at tala har vore relativt stabile dei siste åra, sjølv om det her òg var ein liten dupp i 2018. Auken frå 2018 kan i stor grad forklarast med auken i studieplassar som kom i 2018, med påfølgande opptrapping i 2019.

Tabell 4.3 Studiepoengseiningar for offentlege skular per fagområde 2015–19

Fagområde	2015	2016	2017	2018	2019
Humanistiske og estetiske fag	14	11	5	7	11
Lærarutdanningar og utdanningar i pedagogikk		18	9	7	14
Mediefag	22	24	27	21	7
Økonomiske og administrative fag	37	16	31	31	32
Naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag	3 646	3 859	3 833	3 707	3 762
Helse-, sosial- og idrettsfag	415	437	525	533	632
Primærnæringsfag	46	40	57	24	65
Samferdsels- og sikkerhetsfag og andre servicefag	620	661	619	527	526
Uoppgitt fagfelt			2	16	20
Sum	4 799	5 065	5 107	4 872	5 069

Vedlegg V4.2

Ei studiepoengseining er på 60 studiepoeng

Kjelde: NSD

Det var ein markant auke i talet på registrerte studiepoeng ved private fagskular i 2019, samanlikna med dei føregåande åra. Dette går fram av tabell 4.4. Denne auken kan òg sjåast i samanheng med tildelingar av nye studieplassar i 2018. I tillegg driv private skular meir kommersielt, og rekrutterer fleire studentar også utanom dei offentlege tildelingane. Auken blant dei private skulane gjeld for nesten alle fagområda, men er særleg stor innan dei fagområda som allereie er store i privat sektor, slik som økadm-fag, helsefag og dels tekniske fag.

Tabell 4.4 Studiepoengseiningar for private skular per fagområde 2015–19

Fagområde	2015	2016	2017	2018	2019
Humanistiske og estetiske fag	1 678	1 487	1 540	1 541	1 563
Lærerutdanningar og utdanningar i pedagogikk	0	0	18	57	93
Mediefag	268	201	211	194	191
Økonomiske og administrative fag	915	674	611	663	897
Naturvitskaplege fag, handverksfag og tekniske fag	683	624	493	547	771
Helse-, sosial- og idrettsfag	540	590	744	904	1 097
Primærnæringsfag	20	19	25	27	24
Samferdsels- og sikkerhetsfag og andre servicefag	357	264	236	288	546
Uoppgitt fagfelt	140	31		63	12
Sum	4 603	3 891	3 878	4 284	5 193

Vedlegg V4.3

Ei studiepoengseining er på 60 studiepoeng.

Kjelde: NSD

Tekstboks 3 Utviklingsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning

Utviklingsmidla var eit av tiltaka som blei lansert i Fagskulemeldinga i 2016 (Meld. St. 9 (2016-2017)). Det er ei ordning der fagskular kan søke om midlar som skal bidra til auke kvalitet i fagskuleutdanninga. Ordninga er konkurransebasert – det vil seie at dei beste prosjekta vert tildelt.

Kvart år mottek Diku mellom 60 og 100 søknader frå fagskular. Ofte kjem det fleire ulike prosjektsøknadar frå same skule. Dei søker for mellom 70 og 100 millionar kronar, medan potten med pengar har vore på mellom 35 og 43 millionar kvart år. Nokre år har det vorte søkt om store midlar til eingongsinvesteringar, medan andre år har det i større grad vore søknadar om utvikling av nye utdanningar som har dominert.

Gjennom dei fire åra Diku har tildelt utviklingsmidlar har 158 prosjekt fått støtte på til saman 164 millionar kronar. Prosjekta varierer i storleik, og alt frå sju-millionars prosjekt til mindre prosjekt i 100 000-kronarsklassen har fått innvilga støtte.

Prosjekta som får innvilga støtte varierer frå eingongsinvesteringar i utstyr til utvikling av nye utdanningar i samarbeid med lokalt og regionalt næringsliv, utvikling av digitale læremidlar og bruk av digital teknologi for læring.

Kjelde: Diku

4.3 Geografisk fordeling

Det er eit politisk mål at det skal være god tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning over heile landet. Samstundes er det og eit viktig poeng at utdanningstilbodet skal vere tilpassa til det lokale behovet i arbeidslivet. Fagskulelova gir fylkeskommunane eit ansvar for å sørge for at det statlege tilskotet til drift av høgare yrkesfagleg utdanning bidrar til at det blir tilbod om fagskuleutdanning i samsvar med dei lokale, regionale og nasjonale kompetansebehova.

Tabell 4.5 viser korleis studentane fordelte seg på fagtilbod i dei ulike fylka i Noreg i 2019. Vi ser at dei store fagområda som helsefaga og dei tekniske faga er til stades i (så godt som) heile landet, medan nokre fagområde berre finst i nokre av fylka. Det er stor skilnad mellom breidda i tilbodet i fylker som Buskerud og Sogn og Fjordane på den eine sida og Oslo, Trøndelag og Vest-Agder på den andre.

Tabell 4.5 Oversyn over studenttal fordelt på fagområde og fylke

Fylke	HS	Hum.es.	Ped	Media	Tek.	Primær	SS	Øk-adm	Total
Akershus	300	105	40		94	25	58	471	1 093
Aust-Agder	80	15	18		95		19		227
Buskerud	194				478				672
Finnmark	15				44		14		73
Hedmark	72	9			21	59			161
Hordaland	255	219		68	1 182	15	87		1 826
Møre og Romsdal	57	25			192		120		394
Nordland	97				120		61	13	291
Oppland	121	13			854	30	68	47	1 133
Oslo	1 627	994	98	126	915		374	884	5 018
Rogaland	586	73	56		510		147		1 372
Sogn og Fjordane					250		29		279
Telemark	241				548	20	20		829
Troms	57				380		45		482
Trøndelag	256	72	6		822	19	79	43	1 297
Vest-Agder	129	368	39	6	769		17	151	1 479
Vestfold	386	49	10		110		406		961
Østfold	239	9	31		355			78	712
Total	4 712	1 951	298	200	7 739	168	1 544	1 687	18 299


Kjelde: NSD

4.4 Studium på heiltid og deltid

Figur 4.2 viser fordeling av utdanningstilbod hausten 2019 etter heiltid og deltid. Omfanget av deltidsstudiar er eit kjenneteikn ved høgare yrkesfagleg utdanning. Dette synar nemleg at mange studentar er i arbeid, og tar utdanninga ved sida av for å auke sin kompetanse. Omfanget av deltidsstudiar seier derfor noko om tilgjengelegheit til slik utdanning. Det kan òg tolkast som eit uttrykk for den tette koplinga mellom utdanninga og arbeidslivet, fordi mange arbeidsgivarar legg til rette for deltidsstudiar for å få økt kompetanse i bedrifta.

Dei fleste fagområda har både heiltid- og deltidsutdanningar. I kategoriane helsefag, pedagogiske fag, og primærnæringsfag er det så godt som berre deltidsutdanningar. Innan tekniske fag er det ganske likt fordelt mellom heiltid og deltid. Med utviklinga av bransjeprogramma blir det endå fleire og kortare utdanningar tilpassa lokale kompetansebehov. Det vil bli interessant å følgje utviklinga av desse, og kva utbreiing desse modellane for kompetanseheving kan få.

Figur 4.2 Utdanningstilbod på heiltid og deltid etter fagområde



Vedlegg V4.4

Talet på utdanningstilbod fordelt på heiltid og deltid per fagområde.

Kjelde: NSD


4.5 Stad- og nettbaserte utdanningar

Høgare yrkesfagleg utdanning blir tilbydt på fleire måtar. Dei blir kategorisert som stadbasert undervisning, som nettbasert undervisning og som ein kombinasjon av dei to. Dei stadbaserte dominerer, som vi ser av figur 4.3. Hausten 2019 var det 1 162 utdanningstilbod. 826 (71 prosent) av desse var stadbaserte, 205 (18 prosent) var nettbaserte med samlingar og 132 (11 prosent) var reine nettbaserte studium. Samanlikna med tala frå 2018 inneber dette ein markant auke frå 65 til 71 prosent for dei stadbaserte utdanningstilboda. Det er naturleg å sjå dette i samanheng med at nye studieplassar som vart fordelte i 2018 i hovudsak gjekk til studietilbod innan tekniske fag og helsefag. Tilbod innan desse fagområda har tradisjonelt vore basert på stadbasert undervisning.

Reint nettbasert opplæring står sterkast innan økadm-faga, både i reelle tal og prosentvis i høve til totalen per fagområde. Nettbasert undervisning med samlingar står særleg sterkt i primærnæringsfaga, og utgjer to tredjedelar av tilbodet her. Òg innan dei to største fagområda, tekniske fag og helsefag, står nettbasert undervisning med samlingar og rein nettbasert undervisning samla sett sterkt. I dei tekniske faga utgjer dei meir enn ein tredjedel av tilboda.

Omfanget av nettbasert tilbod seier òg noko om tilgangen til fagskuleutdanning. Utreiinga av slikt tilbod i samband med dei auka moglegheitene for å arbeide med «digitale tvillingar» og virtuelle rom vil kunne bety mykje for utdanningstilbodet uavhengig av nærleik til studiestad.

Figur 4.3 Stad- og nettbaserte utdanningar etter fagområde




Vedlegg V4.5

Kjelde: NSD

I figur 4.4 ser vi fordelinga av studentar mellom offentlege og private skular, sett i samanheng med om utdanninga er stadsbasert, nettbasert, eller ei blanding av dei to utdanningsformane. Vi ser at det er sterk samanheng mellom eigarskap og undervisningsform – medan private skular står for nesten alle nettbaserte undervisningstilbod, dominerer dei offentlege når det gjeld undervisningstilbod som kombinerer nettbasert undervisning med samlinger. Den stadsbaserte undervisninga er meir likt fordelt. Skilnadene har truleg samanheng med dei ulike fagområda og omfanget av studia. Det er til dømes økadm-faga som i størst grad har nettbaserte tilbod, samtidig som tilboda under dette fagområdet stort sett er på rundt 30 studiepoeng. Dette fagområdet er størst i privat sektor.

Figur 4.4 Studentar etter eigarskap og utdanningsform



Vedlegg V4.6

Kjelde: NSD

Tekstboks 4 Kontakt med arbeidslivet

I april i 2019 gjennomførte NOKUT for andre gang Studiebarometeret for fagskulestudentar. Eit funn som overraska, var at fagskulestudentane ga blanda tilbakemeldingar på spørsmål om kontakt med arbeidslivet. På ein skala frå 1 til 5, ga studentane score på 3,1 og 3,2 på påstandane «Det blir lagt godt til rette for at eg kan knyte kontaktar i arbeidslivet» og «Representantar frå arbeidslivet bidrar på ein god måte i undervisning, prosjektarbeid o.l.». Både myndigheiter, fagskular og fagskulestudentar meinte dette var overraskande låge tal og at det burde bli satt i gang tiltak for å betre studentane si oppleving av kontakta med arbeidslivet.

I påfølgande faglege arrangement og møter, kom det fram moglege forklaringar på resultatane. Det blei det stilt spørsmål ved kor relevant det er med kontakt med arbeidslivet i fagskuleutdanningar der studentane er i arbeid medan dei studerer. Det blei òg stilt spørsmål ved om studentar som var i arbeid inkluderte sin eigen arbeidsgjevar eller ikkje når dei svarte på spørsmåla. For å få svar på desse spørsmåla, laga NOKUT ei oppfølgingsundersøking som blei sendt til 1200 av studentane som hadde svart på Studiebarometeret 2019.

I alt svarte 260 at dei var i jobb samstundes som dei tok fagskuleutdanning. Av desse svarte 39 prosent at dei inkluderte eigen arbeidsplass i svarta om kontakt med arbeidslivet. 51 prosent hadde ikkje inkludert eigen arbeidsplass og 10 prosent visste ikkje eller var usikre. Utfordringa i tolkinga av resultatane er derfor først og fremst at det varierer om studentane har inkludert eigen arbeidsplass eller ikkje. Blant dei som svarte at dei ikkje hadde inkludert eigen arbeidsplass, var den vanlegaste grunngjevinga at dei tolka spørsmåla som den kontakten dei hadde med arbeidslivet gjennom studiet. Andre meinte at arbeidsplassen deira ikkje var relevant for studiet. Blant dei som hadde inkludert eigen arbeidsplass, var det nettopp det at arbeidsplassen var relevant for studiet som var grunngjevinga. Nokre hadde også inkludert eigen arbeidsplass fordi dei hadde praksis der.

Studentane i helse- og omsorgsfag skil seg ut blant dei som har inkludert eigen arbeidsplass i svarta. Meir enn 54 prosent svarte at dei hadde gjort det, mens det innanfor dei andre fagområde var mellom 25 og 33 prosent som svarte at dei hadde inkludert eigen arbeidsplass. Årsaka til den høge prosentdelen blant helse- og omsorgsstudentane er truleg at dei ofte har praksis ved eigen arbeidsplass, og at det som oftast er klar samanheng mellom arbeidsoppgåver og studiar.

I undersøkinga spurte også NOKUT studentane om å vurdere viktigheita av kontakt med arbeidslivet. Meir enn 80 prosent svarte at dei var einige (alternativ 4 på ein skala frå 1 til 5) i påstanden «Eg meiner at moglegheita for å knyte kontaktar i arbeidslivet gjennom utdanninga er viktig for utdanningskvaliteten». Blant studentane som var i arbeid medan dei studerte, var det 70 prosent som var einige i påstanden «Det er viktig for utdanningskvaliteten at eg får kontakt med andre arbeidsgjevarar enn min eigen». Det er med andre ord tydeleg at kontakt med aktørar i arbeidslivet er viktig også for studentar som er i jobb ved sida av studiane. Samstundes seier 70 prosent av studentane som er i jobb seg einige i påstanden «Eg har fått kjennskap til andre delar av arbeidslivet gjennom medstudentane mine». Dette tyder på at læringsmiljøet som oppstår mellom studentane også er ein viktig kjelde til å skaffe seg kjennskap og kontaktar i andre delar av arbeidslivet.

Kjelde: NOKUT

5 Fagskulestudentane


5.1 Tal på fagskulestudentar

I 2019 var det på teljetidspunktet 1.oktober registrert 18 299 fagskulestudentar. Dette er ein auke frå same tidspunkt året før, på 1 598 studentar. Auken skuldast i hovudsak Kunnskapsdepartementet si tildeling av midlar til nye studieplassar i 2018 og 2019.

Talet på studentar vil kunne variere i løpet av eit studieår, ettersom nokre utdanningar varar eit halvt år og nokre studentar berre studerer enkeltemne utan å fullføre heile utdanninga.

Figur 5.1 viser tala på studentar ved offentlege og private fagskular i perioden 2013–2019, for haustsemesteret. Veksten i studenttalet siste året har vore klart størst ved dei private skulane, med 1 146 fleire studentar enn i 2018, mot 452 fleire studentar ved dei offentlege skulane. Av midlane som fylkeskommunane fordelte til nye studieplassar i 2018 og 2019, fekk dei private skulane litt meir enn halvparten. Ettersom dei private skulane i større grad tilbyr utdanningar av kortare lengde enn dei offentlege, er det naturleg at dette gjer seg utslag i fleire studentar for dei private enn dei offentlege skulane.

Figur 5.1 Studentar i offentlege og private fagskular 2013–19




Vedlegg V5.1

Kjelde: NSD

Som det går fram av figur 5.2, er det stor variasjon i talet på fagskulestudentar som er registrert i dei ulike fylka. Høgast er talet i Oslo. Der var det hausten 2019 registrert 5 018 fagskulestudentar. Deretter følgjer Hordaland, med 1 826 studentar, og Vest-Agder, med 1 479 studentar. Lågast er talet i Finnmark, med 73 registrerte fagskulestudentar hausten 2019.

Figur 5.2 Studentar etter fylke og eigarskap



Vedlegg V5.2

Kjelde: NSD

Når det gjeld det høge talet på studentar i Oslo, må det takast med i vurderinga at mange skular med nettbaserte studietilbod har adresse i Oslo. Det inneber at studentane er registrerte der, sjølv om dei er busette i eit anna fylke, som for eksempel Finnmark. Desse studentane vil då telja med på studenttalet i Oslo, og ikkje i Finnmark.

Som vi ser av tabell 5.1, er mange studentar i Oslo, Akershus og Vest-Agder registrert på reint nettbaserte tilbud. Men Oslo har framleis det høgaste talet på registrerte studentar om ein ser vekk frå studentar på reine nettbaserte tilbud. Hausten 2019 var det til saman registrert 3 185 studentar på stadbaserede studium og nettbaserte studium med samlingar i Oslo. I Hordaland, som har det nest høgaste talet på registrerte fagskulestudentar, var det til samanlikning registrert 1 826 studentar på stadbaserede studium og nettbaserte studium med samlingar. Ingen studentar var registrerte på reint nettbaserte studium i Hordaland.

Tabell 5.1 Tal på studentar på reint nettbaserte studium per fylke og eigarskap

Fylke	Offentleg	Privat
Akershus		549
Oslo		1 833
Rogaland	24	
Vest-Agder		941
Vestfold	74	
Sum	98	3 323

Kjelde: NSD

Tekstboks 5 Organisasjonen for norske fagskulestudentar

Organisasjonen for norske fagskulestudentar (ONF) blei stifta i 2012 og er ein studentorganisasjon som jobbar for å vareta rettane og interessane til alle fagskulestudentar. I dag har organisasjonen om lag 13 000 medlemmar fordelte på 33 fagskular som fungerer som medlemslag. ONF er partipolitisk uavhengig og jobbar aktivt mot myndigheiter og avgjerdestakarar. Organisasjonen driftast av tillitsvalde som blir valde av medlemmane på det årlege landsmøtet og av fast tilsette. ONF bidrar med rettleiing og støtte til studentar og studentdemokrati på fagskulane.

Organisasjonen er representert i fleire ulike råd og utval knytte til høgare yrkesfagleg utdanning. Dette gjeld mellom anna Nasjonalt fagskoleråd, styret i NOKUT og ei rekkje andre nasjonale faglege utval. Studentrepresentantane er valde av ONF, og dei skal sikre at stemma til studentane blir høyrd i saker som gjeld dei.


ONF har mellom anna vore opptekne av omgjerding av fagskulepoeng til studiepoeng, retten til studentombod og til studentsamskipnad.

Kjelde: ONF

5.2 Studentar på heiltid og deltid

Høgare yrkesfagleg utdanning skal gi gode moglegheiter til å fylle på kompetanse. Mange av studentane er avhengige av fleksibilitet. Tala bak figur 5.3 viser at det er nesten dobbelt så mange deltidsstudentar som heiltidsstudentar i høgare yrkesfagleg utdanning i Noreg. Situasjonen er, med små variasjonar, uendra frå året før. Deltidsstudiar er særleg vanleg innan helsefag, tekniske fag, og økadm-fag, medan heiltidsstudentane dominerer innan humanistiske og estetiske fag, mediefag og samferdsels- og servicefag. Dette heng dels saman med alder på studentane, og på kva grunnlag dei får opptak. I dei humanistisk-estetiske faga er det til dømes nesten berre utdanning på heiltid, og dei fleste studentane er under 20 år og tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse eller eigen opptaksprøve (sjå kapittel 5.6 under).

Figur 5.3 Studentar på heiltid og deltid etter fagområde



Vedlegg V5.3


Kjelde: NSD

5.3 Fordeling av fagskulestudentar på fagområde

Tekniske fag er den største faggruppa sett i høve til talet på studentar. Dette går fram av figur 5.4. Hausten 2019 var 42 prosent av fagskulestudentane registrerte innanfor dei tekniske faga. Meir enn 80 prosent av desse studentar ved offentlege skular.

Helsefag er det nest største fagområdet med 26 prosent av studentane hausten 2019. Av desse var om lag to tredjedelar i privat sektor. Til saman utgjorde dei tekniske faga og helsefaga 68 prosent av alle studentane.

Figur 5.4 Prosentdel studentar etter fagområde




Vedlegg [V5.4](#)

Kjelde: NSD

5.4 Fagskulestudentar etter kjønn og alder

Samla sett er kjønnsfordelinga blant fagskulestudentane ganske jamn. Hausten 2019 var 55 prosent menn og 45 prosent kvinner. Samstundes er det stor ubalanse innan dei ein skilde faggruppene. Det går fram av figur 5.5. Innan dei to store faggruppene, tekniske fag og helsefag, er ubalansen særskilt stor. Meir enn 90 prosent av studentane i tekniske fag var menn, medan nær 90 prosent av studentane i helsefaga var kvinner. Denne tendensen er uendra frå åra før.

Figur 5.5 Prosentdel studentar etter kjønn og fagområde



Vedlegg V5.5


Kjelde: NSD

Alderssammansetning blant fagskulestudentane går fram av figur 5.6. Nær 50 prosent av alle studentane hausten 2019 var i alderen 20–29 år, medan 26 prosent var i alderen 30–39 år. 15 prosent var i alderen 40–49 år, 6,6 prosent var over 50 år og 2,3 prosent var under 20. Det vil seie at nesten 50 prosent av fagskulestudentane er over 30 år. Det tilsvarande talet for studentar ved universitet og høgskular var 28 prosent (sjå Tilstandsrapport for høgare utdanning 2020, s. 19).

Samanlikna med året før har det vore små endringar. I 2018 var rundt 52 prosent av studentane i gruppa 20–29, rundt 25 prosent i alderen 30–39 år og 2,5 prosent under 20. Den einaste gruppa som har vekse frå 2018 til 2019 er dei over 50, som har auka frå 6 prosent i 2018 til 6,6 prosent i 2019.

Figur 5.6 viser også at prosentdelen kvinner veks i takt med aukande alder. Kvinner er også i fleirtal blant studentane under 20 år.

Figur 5.6 Prosentdel studentar etter kjønn og alder




Vedlegg V5.6

Kjelde: NSD

På same vis som det er store kjønnskilnader mellom faggruppene, er alderssamansettinga ulik innan dei ulike faggruppene, og det er også ein samanheng mellom alder og kjønn. Dette er påfallande når det gjeld dei to store fagkategoriane, tekniske fag og helsefag.

Som omtala over, er studentane i tekniske fag i hovudsak menn. I tillegg er det ei overvekt av studentar i aldersgruppa 20–29 år. Innan helsefag er dei fleste studentane kvinner og gjennomgåande eldre enn studentane i tekniske fag. Flest helsefagstudentar er det i aldersgruppa 40–49 år, tett følgt av aldersgruppa 30–39 år. Sjå figur 5.7 og figur 5.8.

Figur 5.7 Prosentdel studentar på naturvitskaplege-, handverks- og tekniske fag etter kjønn og alder




Vedlegg V5.7

Figuren viser prosentdel av studentar totalt, tal for haust 2019.

Kjelde: NSD

Figur 5.8 Prosentdel studentar på helse-, sosial- og idrettsfag etter kjønn og alder



Vedlegg V5.8

Figuren viser prosentdel av studentar totalt, tal for haust 2019.

Kjelde: NSD

5.5 Fagskulestudentar med utanlandsk statsborgarskap

Det er svært få studentar med utanlandsk statsborgarskap ved norske fagskular. Meir enn 97 prosent av studentane registrerte hausten 2019 var norske statsborgarar. Dette har vore stabilt i fleire år. Både i 2016 og i 2018 var prosentdelen den same. I alt 494 fagskulestudentar hadde utanlandsk statsborgarskap i 2019. Det var ein marginal auke frå 442 personar året før.

Dei ti viktigaste opphavslanda var Sverige, Polen, Island, Tyskland, Litauen, Filippinane, Syria, Danmark, Finland og Russland, i den rekkjefølga. Tala er små og spenner frå 65 svenske statsborgarar til 11 russiske statsborgarar. Sjå vedlegg V7 for oversyn over fagskulestudentar fordelt på statsborgarskap dei fire siste åra.

Nokre fagskular utmerkar seg med ein relativt høg prosentdel utanlandske studentar. Dei ti skulane med høgast prosentdel i 2019 er lista i tabellen under.

Tabell 5.2 Fagskular med høg prosentdel studentar med utanlandsk statsborgarskap

Fagskule	Norske studentar	Utanlandske studentar	Prosentdel utanlandske studentar
Hald Internasjonale Senter	35	29	45 %
Fredrikstad og Oslo FagAkademi	73	42	37 %
Frelsesarmeens offiserskole	7	2	22 %
Beverage Academy AS	29	7	19 %
Kunsthøgskolen Bergen	43	10	19 %
Fashion Mode AS	66	14	18 %
European Helicopter Center AS	54	11	17 %
Imageakademiet	49	8	14 %
International Stunt Academy	13	2	13 %
Kunstskolen i Stavanger AS	39	5	11 %
Pilot Flight Academy AS	301	37	11 %
Tunsberg Medisinske Skole	25	3	11 %
Det tverrfaglige kunstinstitutt	61	7	10 %
Folkeuniversitetets helsefagskole	254	26	9 %
Noroff Fagskole AS	1 503	143	9 %

Tabellen viser tal for haust 2019, i vedlegg V8 finst tilsvarende tal for vår 2019.

Kjelde: NSD

5.6 Opptaksgrunnlag etter alder og fagområde

Opptaksgrunnlaget for fagskuleutdanning er i hovudsak fag- eller sveinebrev, treårig yrkesfagleg opplæring, eller generell studiekompetanse. Studentar som er eldre enn 23 år kan bli tatt opp på grunnlag av realkompetanse.

I 2019 var det 13 348 nye studentar som blei tatt opp til fagskulestudium. Dette var ein auke på 3 786 samanlikna med tilsvarande tal i 2018. Auken må sjåast i samanheng med tilskot til nye studieplassar på fagskulane, som omtala i innleiinga av dette kapitlet. I dette delkapitlet ser vi på opptaksgrunnlag for alle registrerte studentar i fagskulane, men òg spesifikt for dei som blei tatt opp i 2019.

Det vanlegaste opptaksgrunnlaget i fagskulesektoren er yrkesfagleg kompetanse. I 2019 var 60 prosent av alle registrerte fagskulestudentar tatt opp på dette grunnlaget. Dette var uendra frå året før, men i eit noko lengre perspektiv har det vore ein liten nedgang i prosentdelen studentar med opptak på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse, frå 64 prosent i 2016.

22 prosent av *alle registrerte studentar* i 2019 var tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse, 11 prosent på grunnlag av realkompetanse og 7 prosent på anna grunnlag.


Om vi ser isolert på *nye* studentar i 2019 ser vi at 13 348 nye studentar vart tatt opp. Sjølv om talet på studentar har auka i alle kategoriar av opptak frå 2018 til 2019, har den relative fordelinga mellom dei endra seg. Av dei nye studentane i 2019 blei 52 prosent tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse. Det var ein relativ nedgang samanlikna med 2018, då 57 prosent blei tatt opp på dette grunnlaget. Vidare blei 28 prosent av dei nye studentane i 2019 tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse, same prosentdel som i 2018. 14 prosent av studentane blei i 2019 tatt opp på grunnlag av realkompetanse, mot 10 prosent i 2018, og 6 prosent på anna grunnlag, mot 5 prosent på anna grunnlag i 2018.⁴

Figur 5.9 viser opptaksgrunnlag for studentar tatt opp i 2019, fordelt på alder. Med unntak av den yngste gruppa, er yrkesfagleg kompetanse det viktigaste opptaksgrunnlaget i alle aldersgrupper. Figuren viser òg at prosentdelen med yrkesfagleg kompetanse aukar med alder. Medan 14 prosent av studentane under 20 år er tatt opp på dette grunnlaget, er prosentdelen 47 i gruppa 20 til 29, 58 i gruppa 30 til 39, 63 i gruppa 40 til 49 og 64 i gruppa over 50 år. Dette er naturleg nok fordi ein stort sett har passert 20 år når ein er ferdig med læretida og kan søke seg vidare til høgare yrkesfagleg utdanning.

Prosentdelen som er tatt opp på grunnlag av realkompetanse aukar òg med alderen. Medan ti prosent av studentane mellom 20 og 29 år er tatt opp på dette grunnlaget, er prosentdelen 18 for dei mellom 30 og 39 år, 20 for dei mellom 40 og 49 år og 19 for dei over 50 år.

⁴ Sjå Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2019: 82.

Figur 5.9 Studentar ved studiestart etter opptaksgrunnlag og alder



Vedlegg V5.9

Kjelde: NSD

Generell studiekompetanse er det vanlegaste opptaksgrunnlaget blant dei yngste studentane. Her minkar prosentdelen jamt med aukande alder. Medan 64 prosent av studentane under 20 år er tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse, gjeld det 35 prosent i gruppa 20 til 29 år, 19 prosent i gruppa 30 til 39 år, 13 prosent i gruppa 40 til 49 år, og 12 prosent i gruppa over 50 år.

Figur 5.10 viser fordeling på opptaksgrunnlag blant alle som var registrert som studentar i 2019, inkludert dei som blei tatt opp før 2019. Tendensane er dei same som dei vi såg i fjorårets rapport.

Når det gjeld dei to store faggruppene tekniske fag og helsefag, er yrkesfagleg kompetanse det vanlegaste opptaksgrunnlaget. Heile 81 prosent av studentane i helsefag og 74 prosent av studentane i tekniske fag, er tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse. 17 prosent av studentane i tekniske fag er tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse og 4 prosent på grunnlag av realkompetanse, medan 4 prosent av studentane i helsefag er tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse og 14 prosent på grunnlag av realkompetanse. At talet på studentar som er tatt opp på grunnlag av realkompetanse er høgare i helsefaga, må truleg sjåast i samanheng med høgare snittalder og fleire som studerer ved sidan av arbeid i desse faga.


Øg når det gjeld service og samferdsel, pedagogikk og primærnæringsfag er det yrkesfagleg kompetanse som er det dominerande opptaksgrunnlaget. I service og samferdsel er 49 prosent av studentane tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse, 26 prosent på grunnlag av generell studiekompetanse og 14 prosent på grunnlag av realkompetanse. I pedagogikk er heile 78 prosent av studentane tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg

kompetanse, medan 18 prosent er tatt opp på grunnlag av realkompetanse. Ingen er tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse. I primæringsfaga er 60 prosent av studentane tatt opp på grunnlag av yrkesfagleg utdanning, 27 prosent på grunnlag av realkompetanse og 13 prosent på grunnlag av generell studiekompetanse.

Humanistisk-estetiske fag, media og økadm-fag skil seg frå dei andre faggruppene ved at det er opptak på grunnlag av generell studiekompetanse som dominerer. Blant studentar innan humanistisk-estetiske fag er generell studiekompetanse opptaksgrunnlag for 50 prosent av studentane, realkompetanse for 12 prosent og yrkesfagleg kompetanse for berre 2 prosent av studentane. Heile 27 prosent av studentane er tatt opp på grunnlag av anna kompetanse i denne fagkategorien. Her er det gjerne snakk om opptaksprøvar til estetiske fag.

Blant mediestudentane er 81 prosent tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse, 10 prosent på grunnlag av realkompetanse og 3 prosent på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse. Av studentane i økadm-fag er 46 prosent tatt opp på grunnlag av generell studiekompetanse, 22 prosent på grunnlag av realkompetanse og 21 prosent på grunnlag av yrkesfagleg kompetanse.

Figur 5.10 Studentar etter opptaksgrunnlag og fagområde



Vedlegg V5.10

Kjelde: NSD

5.7 Gjennomstrøyming

Tala for gjennomstrøyming i fagskulesektoren held låg kvalitet, og må av den grunn tolkast med noko atterhald. Det er fleire faktorar som fører til dette. Dersom ein student byter fag eller skule i løpet av eit semester vil det bli rekna som fråfall på det første studiet, sjølv om studenten fullfører ei fagskuleutdanning. Det vil også bli rekna som fråfall/ikkje fullført dersom ein student berre tar delar av eit studium, sjølv om dette var studenten sin intensjon. Mange fagskulestudentar er vaksne og i jobb medan dei studerer. Ofte er det arbeidsplassens behov for kompetanseløft og spesialisering som ligg bak. Behovet er ikkje alltid ein heil fagskulegrad, men berre ein del av ein grad.

Figur 5.11 viser fullføring på normert tid og eitt, to og tre år seinare, for heiltidsstudentar basert på kva årskull dei høyrer til. Tala som viser kor mange som har fullført fullt utdanningsløp går ikkje lenger fram enn til 2016 for å kunne telje med dei som fullfører tre år etter normert tid. Som det går fram av figuren er det relativt få av dei som ikkje fullfører på normert tid som fullfører seinare. Dette heng truleg saman med at dei går tilbake i arbeid. Variasjonane i tala på fullføring mellom dei ulike åra kan truleg også knytast til arbeid og etterspurnad på arbeidsmarknaden. Er det høg aktivitet i arbeidsmarknaden og høg etterspurnad etter arbeidskraft kan det vere sterke insentiv for å gå attende til arbeid framfor å fullføre ei utdanning. I 2016-kullet var det 60 prosent av heiltidsstudentane som fullførte på normert tid. Det var om lag uendra frå året før, då 61 prosent fullførte på normert tid.

Figur 5.11 Fullføring på normert tid og eitt, to og tre år seinare




Vedlegg 5.11

Kjelde: NSD

Vi har òg tatt med tal på fullføring for deltidsstudentar innanfor dei to største faggruppene, helsefag og tekniske fag. Figur 5.12 og figur 5.13 viser at òg blant deltidsstudentar i desse faga var det nær 60 prosent som fullførte på normert tid i 2016-kullet. Som for heiltidsstudentar ser vi vidare at studentar som ikkje har fullført på normert tid, i liten grad fullfører seinare.


Figur 5.12 Fullføring i 60-studiepoengs helse- og sosialfag, deltid over to år



Vedlegg V5.12

Kjelde: NSD

Figur 5.13 Fullføring i 120-studiepoengs teknisk fagskuleutdanning, deltid over tre år



Vedlegg V5.13

Kjelde: NSD

Tekstboks 6 Utdanningskvalitetsprisen for høgare yrkesfagleg utdanning

Som ei oppfølging av Stortingsmeldinga *Fagfolk for fremtiden* (Meld. St. 9 (2016-2017)) blei det oppretta ein pris for utdanningskvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning. Formålet med Utdanningskvalitetsprisen er å honorere framifrå arbeid med utdanningskvalitet og stimulere institusjonane og fagmiljøa til systematisk arbeid med å vidareutvikle kvaliteten på utdanningane sine. Prisen blei for første gong delt ut i 2017 og er nå ei årleg hending.

Prisen er på ein million kroner og vinnaren står fritt til å disponere pengane etter ønske og behov ved fagskulen.

Den første prisen blei delt ut i 2017 til Fagskolen i Vestfold for pilotprosjektet "Elektrotekniker". Målet med prosjektet var at elektromontørar skulle bli verande lenger i yrket sitt gjennom etterutdanning og kompetanseheving.

Fagskolen Innlandet vant prisen i 2018 for tiltaket «Robotisering av læringsarenaen – operasjonalisering av Industri 4.0». Kjernen i dette prosjektet har vore å utvikle innhaldet i fagutdanningane, og målet har vore å operasjonalisere «Industri 4.0» i den daglege utdanningspraksisen.

I 2019 blei Fagskolen Oslo Akershus prisens tredje vinnar med tiltaket «Digital samhandling». Føremålet med prosjektets var å lære studentane om Integrated Concurrent Engineering (ICE), som er ein viktig og moderne metode mellom anna brukt i byggjeprosessar. Kjernen i prosjektet var å utvikle ein didaktikk, inkludert omfattande omgrepsavklaringar og utvikling av ny fagleg terminologi. Prosjektet tok og inn 3D-modellering og tverrfagleg arbeid, noko som både aukar studentanes læringsutbytte gjennom å spegle forholda i arbeidslivet endå betre under opplæringa.


Diku forvaltar utdanningskvalitetsprisen. For å gjere sektoren meir attraktiv for både studentar og arbeidslivet er det eit mål å spreie informasjon om kvalitetsarbeidet som blir gjort, og om prisen i sektoren. Vinnaren av utdanningskvalitetsprisen skal derfor delta på eit arrangement i regi av Diku for å medverke til å auke medvitnet rundt prisen og dei gode prosjekta.

5.8 Overgangar mellom fagskular og universitet/høgskular

Prosentdelen fagskulestudentar som tidlegare har vore registrert ved eit universitet eller ein høgskule har i perioden 2017 til 2019 auka med om lag to prosentpoeng i året, frå 14 prosent i 2017 til 18 prosent i 2019.

Figur 5.14 viser prosentdelen studentar innan ulike fagområde, som tidlegare har vore registrerte ved eit universitet eller ein høgskule. Prosentdelen er høgast i økadm-faga. I 2019 hadde nær 35 prosent av studentane i desse faga tidlegare vore registrert ved ein UH-institusjon. Nest høgast er prosentdelen i dei humanistisk-estetiske faga, 29 prosent i 2019. Prosentdelen studentar som tidlegare har vore registrert ved eit universitet eller ein høgskule, er lågast i tekniske fag. Datagrunnlaget gir ikkje tydelege svar på kvifor det er slik, eller om dei har fullført ei anna utdanning før dei blei studentar ved ein fagskule. Dette er ei problemstilling det er grunn til å undersøke nærare.

Figur 5.14 Studentar tidlegare registrerte ved UH-institusjon etter fagområde 2017–19



Vedlegg V5.14


Kjelde: NSD

Figur 5.15 gir eit bilete av prosentdelen studentar innanfor ulike faggrupper som seinare blir registrert som studentar ved eit universitet eller ein høgskule. Prosentdelen er høgast blant dei som har tatt ei fagskuleutdanning i mediefag, humanistisk-estetiske fag eller økadm-fag. Av dei som tok ei fagskuleutdanning i mediefag i 2019, gjekk 27 prosent vidare til eit universitet eller ein høgskule. Når prosentdelen jamt over aukar bakover i tid, er det fordi fleire går vidare til anna utdanning dess meir tid som går etter fagskuleutdanninga.

Overgangen til UH-institusjon var i 2019 lågast i helsefag. Berre tre prosent av studentane i denne faggruppa gjekk vidare til ein UH-institusjon. Vi ser at faggruppene med høg overgang til UH-institusjonar, er fag som har ein relativt høg prosentdel med allmennfagleg bakgrunn og tilsvarande låg prosentdel med yrkesfagleg bakgrunn, jamfør figur 5.10.

Ut i frå tala vi har kan vi ikkje seie kva som er grunnen til overgangen, kor lang tid det går før dei tek fatt på UH-studiet, og om UH-studiet bygger på fagskulestudiet eller er noko heilt nytt.

Figur 5.15 Fagskulestudentar seinare registrert ved UH-institusjon etter fagområde 2017–19



Vedlegg V5.15
Kjelde: NSD

Tekstboks 7 Karriereveggar blant fagskulekandidatar

Våren 2020 publiserte NIFU den fjerde kandidatundersøkinga blant fagskulestudentar (NIFU Rapport 2020-12). Den byggjer på ei spørjeundersøking sendt til alle som fullførte fagskuleutdanning i 2017 eller 2018. Spørsmåla handlar om tilfredsheit med studiet, karriereutvikling og status på arbeidsmarknaden etter studiet.

Fagskuleutdanningane rekrutterer studentar med ulik bakgrunn og kopling til arbeidsmarknaden. Difor varierer det korleis studentane nyttar utdanninga og korleis ho påverkar vidare karriereløp. Innanfor helse- og oppvekstfag har mange vore yrkesaktive før dei byrjar studere, og held fram med å arbeide medan dei studerer. Mange går også tilbake til same stilling og oppgåver etter studia. Innan tekniske og maritime fag får mange ny stilling og nye oppgåver. For maritime, og til dels tekniske fag, handlar fagskuleutdanninga ofte om å få tilgang til stillingar som krev ein særskilt kompetanse. Mange av kandidatane frå tekniske fag har, som kandidatane i helse- og oppvekstfag, lang og relevant arbeidserfaring før dei byrjar studere. Maritime fag er derimot dominert av dei som kjem rett frå læretid.

I dei kreative faga er det også meir sjeldan å ha relevant arbeidserfaring frå før. Få er i arbeid medan dei studerer og mange held fram med vidare utdanning etterpå. Svært få fagskulekandidatar i kreative fag held fram i same verksemd etter fullført fagskuleutdanning, noko som heng saman med at få hadde arbeid innanfor fagområdet før utdanninga. Når det gjeld økonomisk-administrative fag er situasjonen meir samansett. Samanlikna med andre fagområde, er det her størst prosentdel som har universitets- og høgskuleutdanning frå før, men samtidig høgast prosentdel utan nokon formell utdanning. Òg her er det mange med lang arbeidserfaring som startar på utdanninga. Mange har jobb medan dei er i utdanning og dei fleste tar utdanninga på deltid. Om lag halvparten arbeider i same verksemd før og etter utdanninga, og med dei same oppgåvene som før.

Kandidatar frå helse- og oppvekstfaga seier at utdanninga samsvarar godt med arbeidsoppgåver seinare og dei er svært nøgde med utdanninga dei har tatt. Det er fleire innan dei tekniske faga som er misnøgde med innhaldet i utdanninga. Sjølv om dei fleste er nøgde, er det her vi finn flest som ikkje er det. Blant dei som er i arbeid etter kreative utdanningar finn vi dei som i størst grad meiner utdanninga ikkje svarar til oppgåver i arbeidslivet. Dei fleste er likevel nøgde med utdanninga. Mange er i eller vurderer å ta høgare utdanning på universitets- eller høgskulenivå og dei gir uttrykk for at utdanninga gir eit godt grunnlag for vidare utdanning på dette nivået.

Fagskulekandidatar frå helse- og oppvekstfag har svært låg arbeidsløyse, og lågast av alle fagområda. Også dei aller fleste med teknisk fagskuleutdanning er i relevant arbeid. Størst arbeidsløyse finn vi blant kandidatane med kreative fag. Også blant kandidatar med økonomisk-administrative og maritime fag rapporterast det om noko arbeidsløyse. For maritime fag handlar det truleg om at det tar litt lenger tid å kome i jobb etter fullført fagskule, men også om konjunkturar i bransjen.

Samla sett er fagskulekandidatane nøgde med utdanninga dei har tatt og dei aller fleste ville valt det same studiet om att. Felles for alle er at dei opplever at utdanninga gir dei større fagleg tryggleik. Dei kjennar seg tryggare i arbeidet sitt og meiner dei har meir å bidra med. I eit arbeidsliv i kontinuerleg endring må mange vere innstilt på omstilling. Fagleg tryggleik kan då vere viktig, og eit springbrett for vidare læring.

Kjelde: NIFU


6 Økonomi og styring

6.1 Finansiering av høgare yrkesfagleg utdanning

Fagskular har i hovudsak tre finansieringskjelder for drift: statleg driftstilskot frå Kunnskapsdepartementet, tilskot frå fylkeskommunane sine frie midlar og studentbetaling. Figur 6.1 viser omfanget av desse finansieringskjeldene i 2019, slik dei er rapporterte frå fylka.

Samla disponerte fagskulesektoren om lag 1,58 milliardar kroner i 2019. I årets rapport har vi inkludert finansieringa av dei tre skulane som får tilskot direkte over statsbudsjettet; Norsk jernbaneskule som er finansiert over budsjettet til Samferdselsdepartementet, og Veia – Norges grønne fagskule og Dykkarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet, som er finansierte over budsjettet til KD. Norsk jernbaneskule utgjer den største delen av denne kategorien, med 98 millionar kroner.⁵

Figur 6.1 Ulike finansieringskjelder rapportert til DBH-F 2019



Vedlegg [V6.1](#)

Kjelde: NSD

For å kunne samanlikne med tala frå førre tilstandsrapport held vi dei tre statlege skulane utanfor, då dei ikkje var tatt med i denne. Då disponerte fagskulesektoren om lag 1,3 milliardar,⁶ mot 1,4 milliardar i 2019. Delt på dei om lag 18 000 studentane får vi eit snitt på 78 000 kroner per student – ei negativ utvikling på 5 000 kroner per student i høve til 2018. Denne skilnaden kan forklarast med at auken i studieplassar i 2018 først vart fullt ut realisert

⁵ Dei tre statlege skulane hadde til saman 208 studentar hausten 2019. Dei er utelete frå berekningane av snitt under fordi vi ikkje hadde tal med frå desse skulane i 2019-rapporten, og fordi dei vil gje eit uforholdsmessig stort utslag på snittet.

⁶ I 2018-rapporten skreiv vi 1,35 milliardar kroner. I år har vi korrigert talet for 2018 etter at vi oppdaga ein betydeleg feilrapportering i studentbetaling i 2018-tala.

i 2019. Med andre ord kom pengane før studentane, noko som ga eit høgare tal per student i 2018 samanlikna med 2019.

Statleg tilskot over statsbudsjettet

For 2019 fekk fylkeskommunane overført om lag 725 millionar kroner som driftstilskot til høgare yrkesfagleg utdanning. Driftsmidlane blir løyvde av Stortinget over budsjettet til KD, kap. 240 post 60. Vi omtalar derfor desse midlane som Tilskot KD i denne rapporten.

KD har gitt Diku oppgåva med å forvalte tilskotsordninga og betale ut pengane til fylkeskommunane. Fylkeskommunane har ansvar for å forvalte midlane i tråd med gjeldande retningslinjer, og skal bidra til at både offentlege og private skular kan tilby høgare yrkesfagleg utdanning i tråd med behova i arbeidslivet.

Tilskotsordninga inneheld eit grunntilskot og eit resultatbasert tilskot. Det resultatbaserte tilskotet bereknast på grunnlag av endringar i studiepoengproduksjonen frå eit år til neste. I tillegg kjem opptrapping av studieplassar på denne posten, når Stortinget løyver ein auke i dette. Når nye, faste studieplassar er fasa inn, vert dette innlemma i grunntilskotet. Dette gir igjen eit grunnlag for å auke studiepoengproduksjonen, og såleis det resultatbaserte tilskotet.

Av midlane Tilskot KD som vart tildelt i 2019 har fylkeskommunane rapportert om lag 721 millionar kroner til DBH-F.⁷ 32 millionar av desse blei rapportert brukt til oppretting av nye studieplassar. Desse pengane blei fordelt på 48 av dei 80 godkjende fagskulane i 2019.⁸

Fylkeskommunane står ikkje heilt fritt til å forvalte det statlege tilskotet. Om lag 60 millionar kroner er øymerka 13 fagskular⁹ som er beskytta av Stortinget. Dette er i hovudsak skular innanfor dei kreative faga, samt religion. Desse skulane vart finansiert direkte over statsbudsjettet tidlegare. Då den nye tilskotsordninga vart innført frå 2018 blei det bestemt at desse skulane skulle vernast i ein overgangsperiode til og med 2020. Hausten 2019 vedtok Stortinget at dei verna skulane skulle vernast vidare på ubestemt tid. Samla sett hadde desse skulane om lag 1 000 studentar i heile 2019.

I tillegg til dette løyver Stortinget kvart år om lag 153 millionar kroner til dei tre statlege fagskulane som vist over. Desse pengane går direkte til skulane, og er ikkje ein del av forvaltninga til fylkeskommunane.

Fylkeskommunanes frie midlar

Fylkeskommunane bruker òg mykje av sine frie midlar til fagskulane, om lag 108 millionar i 2019. Dette er ein liten auke frå 105 millionar i 2018. Tabell 6.1 viser dei same tala som kategoriane Tilskot KD og Tilskot FK (fylkeskommunanes frie midlar) i figur 6.1, men fordelte på fylkeskommunar. Tabellen viser store skilnader i fylkeskommunane sin bruk av frie midlar til fagskuleutdanning. Høgre kolonne viser den relative storleiken på dei frie midlane nytta til fagskular i høve til samla tilskot.

Medan dei frie midlane utgjorde meir enn 30 prosent i fem av fylka, var det fem fylkeskommunar som ikkje brukte frie midlar på fagskulane i 2019: Oslo, Agder-fylka, Oppland

⁷ Nokre fylkeskommunar har meldt om eit underforbruk i 2019, og har overført midlar til 2020.

⁸ Fleire skular har studiestad i fleire fylker, og får derfor støtte frå fleire fylkar. Dette medførte at det i tilstandsrapporten 2019 blei oppgitt 58 skular med offentlig støtte. Det vil sei at nokre skular blei talt fleire gongar.

⁹ Opphaveleg 14 skular, men Nordland Kunst- og Filmfagskole tilbyr ikkje lengre fagskuleutdanning.

og Hedmark. Vi har ikkje grunnlag for å seie kvifor det er slik. Den kommande evalueringa av finansieringsordninga vil venteleg klargjere noko av dette.

Tabell 6.1 Tilskot frå KD og fylkas frie midlar, samt prosentdel frie midlar av total finansiering per fylke

Fylkeskommune	Tilskot KD	Tilskot FK	Relativ del frie midlar av total
Akershus fylkeskommune	22 275 859	3 961 193	15 %
Aust-Agder fylkeskommune	12 647 000	0	0 %
Buskerud fylkeskommune	35 933 275	9 961 150	22 %
Finnmark fylkeskommune	5 000 000	4 174 042	45 %
Hedmark fylkeskommune	3 395 981	0	0 %
Hordaland fylkeskommune	98 131 200	10 881 000	10 %
Møre og Romsdal fylkeskommune	42 259 000	14 089 000	25 %
Nordland fylkeskommune	23 934 000	10 956 453	31 %
Oppland fylkeskommune	53 417 000	0	0 %
Oslo fylkeskommune	101 356 719	0	0 %
Rogaland fylkeskommune	64 987 000	1 476 499	2 %
Sogn og Fjordane fylkeskommune	16 451 000	9 744 000	37 %
Telemark fylkeskommune	31 788 550	1 067 000	3 %
Troms fylkeskommune	25 597 500	14 149 800	36 %
Trøndelag fylkeskommune	63 383 000	9 584 254	13 %
Vest-Agder fylkeskommune	36 522 475	0	0 %
Vestfold fylkeskommune	20 258 000	3 500 000	15 %
Østfold fylkeskommune	31 060 000	15 290 900	33 %
Total	688 397 559	108 835 291	

Kjelde: NSD

Studentbetaling – eit oversyn

Studentbetalinga utgjer om lag 38 prosent av den samla finansieringa av sektoren. I 2019-rapporten var talet 42 prosent,¹⁰ men dette var ikkje medrekna dei tre statlege skulane og er derfor ikkje samanliknbart. Hadde ein tatt med dei tre statlege fagskulane i fjorårets berekning ville prosentdelen studentbetaling vore nærare 35 prosent av totalen.

Auken i studentbetaling skjer i dei private fagskulane. Her har studentbetalinga auka med 78 millionar kroner, eller 13 prosent i høve til førre rapport. Auken i betalinga hos dei private skulane kan dels forklarast med at dei òg har hatt den største auken i talet på studentar. Ei anna forklaring er at den gjennomsnittlege studentbetalinga har auka (sjå figur 6.3).

Tala som ligg til grunn for statistikken over studentbetaling er framleis prega av noko usikkerheit på grunn av ulik praksis for rapportering frå skulane. Vi har grunn til å tru at ein del skular rapporterer inntekter på kurs som blir tilbydd ved skulen, men som ikkje er fagskuleutdanning, medan andre berre rapporterer inntekter knytt til studiepoenggivande

¹⁰ Samanligningsgrunnlaget frå i fjor er korrigert for feil tal for studentbetaling i dei offentlege skulane. Talet oppgitt i 2019-rapporten for dei offentlege skulane var 82 millionar, medan det korrekte talet var om lag 22 millionar kroner. Det heftar stadig noko uklarheit om innrapportert studentbetaling er gjort for meir enn studiepoenggivande utdanningar.


utdanningar. Diku vil saman med DBH-F og fagskulesektoren arbeide for å styrke kvaliteten på desse tala.

6.2 Studentar og fagområde etter finansieringskjelder

I figur 6.2 ser vi talet på studentar fordelt på fagområde og type tilskot. Dei to kategoriene Tilskot KD og Tilskot FK (fylkeskommunanes frie midlar) er ikkje gjensidig ekskluderande. Dette betyr at kategorien Tilskot KD viser talet på studentar på fagområde som berre mottar statlege tilskot via ein fylkeskommune, medan kategorien Tilskot FK viser studentar på fag som også mottar tilskot frå fylkeskommunane sine frie midlar. Skilnaden mellom dei som er i kategorien Tilskot KD og dei som er i kategorien Tilskot FK vil i hovudsak falle saman med skilje mellom offentleg og privat; fylkeskommunar deler tilskot frå Diku mellom offentlege og private skular, men løyver pengar frå sine frie midlar til dei offentlege skulane.

Figuren viser at dei fleste studentane er registrert på eit fagområde som er heilt eller delvis finansiert av statlege og fylkeskommunale midlar. I høve til det samla talet på studentar per fagområde ser vi at det er høvesvis fleire studentar på fag utan tilskot innan mediefag, økonomi- og administrasjonsfag, humanistiske og estetiske fag, samt samferdsels- og servicefag. I sistnemnde kategori er det, som stadfesta tidlegare, ei blanding av fag som dei maritime, som i all hovudsak er statleg finansiert, og fag som pilotutdanning, make-up artist og negleteknikar, som i liten grad er statleg finansiert.

Figur 6.2 Studentar etter fagområde og tilskot



Vedlegg V6.2

Kategorien Statlege fagskular inneheld dei tre skulane som finansierast direkte over statsbudsjettet.

Kjelde: NSD


6.3 Studentbetaling litt meir i detalj

Sjølv om det er noko usikkerheit om tala for studentbetaling er tala likevel relevante og interessante. Dei vil framleis gi eit bilete av utviklinga over tid, og av skilnader mellom til dømes ulike fag.

Hausten 2019 var det 40 private skular som kravde inn betaling for fagskuleutdanning. I snitt betalte studentar ved dei private skulane 51 200 kroner per semester. Dette er ein liten auke frå 2018, og følgjer dermed trenden tilbake til 2014. Auken er på over 6 prosent mellom 2018 og 2019 og kan difor ikkje berre forklarast med generell prisauke.

Av dei offentlege skulane var det 9 skular som kravde inn studentbetaling hausten 2019. Frå rapporten i fjor har vi korrigert dei innrapporterte tala for ein del feil frå tidlegare år. Gjennomsnittleg studentbetaling i dei offentlege skulane er derfor på kroner 4 800 i 2019. Tendensen ved desse skulane er nedgang i studentbetaling. Offentlege skular som krev studentbetaling knytter dette gjerne til nettstudiar, og for å dekke konkrete utgifter til studiemateriell og lisensar.

Figur 6.3 Gjennomsnittleg studentbetaling ved offentlege og private fagskular 2013–19



Vedlegg V6.3


Gjeld utdanningstilbod med studentbetaling, tal per student for hausten 2019. Tala for gjennomsnittleg studentbetaling er korrigert for feilrapportering ved å dele samla studentbetaling på studentar i dei høva der feil er identifisert. På grunn av feilrapportering i tala er det til dels store endringar i høve til tala oppgitt i 2019 for studentbetaling ved dei offentlege skulane.

Kjelde: NSD

Blant utdanningar med studentbetaling er det store skilnader på kor mykje ein student må betale. Figur 6.4 viser utdanningane med høgast studentbetaling. Som tidlegare år er det utdanningar innan luftfart som kostar mest. Den dyraste utdanninga kostar 1,25 millionar kroner. På grunn av endringar i tilbudsstrukturen innan luftfartsutdanningane har vi no fire andre utdanningstilbod inne på ti-på-topp-lista over utdanningane med høgast studentbetaling.

Skiljet mellom luftfartsutdanningar og andre utdanningar er markant, men det er interessant å sjå at dei neste utdanningstilboda på lista har klare faglege fellestrekk, i tillegg til at det er same skule som tilbyr faga. Faga er i skjæringspunktet mellom det kreative og det digitale. Dette kan vere utdanningar som krev dyrt utstyr, og som i tillegg ikkje mottar særleg mykje i offentleg støtte. Sjå elles vedlegga for detaljerte listar over studentbetaling.

Figur 6.4 Utdanningstilboda med høgast eigenbetaling frå studentar




Vedlegg V6.4

Figuren viser kroner betalt per student for heile utdanninga, tal for haust 2019.

Kjelde: NSD

Figur 6.5 viser gjennomsnittleg studentbetaling per fagskulestudent per semester ved den enkelte private fagskule. Tala gjeld per fagskulestudent for hausten 2019. Oversynet viser store skilnader, men i hovudsak mellom luftfartsutdanningar og andre utdanningar.

Figur 6.5 Gjennomsnittleg betaling ved dei einstilte private fagskulane



Vedlegg V6.5

Figuren viser kroner betalt per student for heile utdanninga, tal for hausten 2019.

Kjelde: NSD

Litteraturliste

Høst, Håkon, Lars Lyby og Vera Schwach. 2019. *Fagskoleutdanningenes kunnskapsbase*. NIFU-rapport 2019: 22.

Meld.St. 9 (2016-2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*

Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen - Lære hele livet*

Skåholt, Asgeir, Aleksander Madsen og Siv-Elisabeth Skjelbred. 2020. *Fagskoleutdannedes karriereveier: Funn fra en undersøkelse av personer uteksaminert med fagskoleutdanning i 2017 og 2018*. NIFU-rapport 2020: 12.

Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2019, Diku rapportserie 08/2019.

Tilstandsrapport for høyere utdanning 2020. Diku rapportserie 03/2020.

Øygarden, Kristoffer Fretland og Magnus Strand Hauge. 2019. *Studiebarometeret for fagskolestudenter 2019: hovedtendenser*. NOKUT rapport 4 2019.



Direktoratet for
internasjonalisering
og kvalitetsutvikling
i høgare utdanning



+47 55 30 38 00 | post@diku.no | diku.no